



Sunnfjord  
kommune



# Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen

Tiltak for omstilling og innsparing



Sist redigert

17.03.2025

Arkivsak

23/12095

Godkjent av

Åge Stafsnes

# Innhald

<b>1</b>	<b>Innleiing</b> .....	<b>4</b>
<b>2</b>	<b>Vurdering av barnet sitt beste</b> .....	<b>10</b>
2.1	Barnet sitt beste i lys av saka .....	10
2.2	Utfordringar og moglegheiter .....	11
2.3	Barnet si stemme.....	11
<b>3</b>	<b>Tiltak</b> .....	<b>12</b>
3.1	Oversikt over tiltaka .....	13
3.2	Tiltak 1: Hafstad som ny felles ungdomskule for Førde ungdomsskule og ungdomstrinnet på Halbrend skule .....	16
3.3	Tiltak 2: Halbrend skule 1.-7. trinn. Slå saman Halbrend skule og Flatene skule til ein felles barneskule.....	20
3.4	Tiltak 3: Slå saman ungdomstrinnet på Skei skule med ungdomstrinnet på Vassenden skule .....	23
3.5	Tiltak 4: Flytte ungdomstrinnet ved Viksdalen skule til Sande skule .....	27
3.6	Tiltak 5: Slå saman Førde barneskule med Halbrend skule og Slåtten skule .....	30
3.7	Tiltak 6: Flytte Holsen skule og barnehage til Sunde skule .....	33
3.8	Tiltak 7: Samle Vassenden skule i eitt bygg .....	36
3.9	Tiltak 8: Legge ned Sunde skule.....	38
3.10	Tiltak 9: Legge ned Vassenden skule.....	41
3.11	Tiltak 10: Legge ned Viksdalen skule.....	43
3.12	Tiltak 11: Flytte Vassenden sitt ungdomssteg til Førde.....	45
3.13	Tiltak 12: Samle ungdomsstega på Naustdal, Vassenden og Halbrend skular, og Førde ungdomsskule på Hafstad og FUSK (bygg) .....	47
3.14	Tiltak 13: Reduksjon i ressursfordelinga .....	50
<b>4</b>	<b>Kvalitet i opplæringa</b> .....	<b>51</b>
4.1	Skulemiljø og skulestorleik.....	52
4.2	Rekruttering.....	52
4.3	Støttetenester .....	<b>Feil! Bokmerke er ikkje definert.</b>
4.4	Lærartettleik .....	53
<b>5</b>	<b>Opplæringslova</b> .....	<b>55</b>
5.1	Nærskuleprinsippet.....	55
5.2	Gruppestørrelse.....	56
5.3	Spesialundervisning og skulemiljø .....	56
<b>6</b>	<b>Økonomi</b> .....	<b>58</b>
6.1	Ressursfordelingsmodell .....	59

6.2	Investeringar skulebygg .....	61
<b>7</b>	<b>Skuleveg .....</b>	<b>66</b>
7.1	Lang reiseveg .....	66
7.2	Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg .....	67
<b>8</b>	<b>Plan for ungdomsskule på Hafstad.....</b>	<b>69</b>
<b>9</b>	<b>Medverknad .....</b>	<b>75</b>




# 1 Innleiing

Sunnfjord kommune står overfor store demografiske, økonomiske og pedagogiske utfordringar som gjer det naudsynt å utvikle ein heilskapleg og framtidretta skulestruktur. Hausten 2017 hadde Sunnfjord kommune eit «toppår» med 3112 elevar i grunnskulen. Hausten 2024 var talet redusert til 2895, og det er forventa fall i elevtalet på 450 elevar innan 2029. Med krav om innsparing og omstilling, er det naudsynt å gjere endringar i skulestrukturen for å sikre eit berekraftig opplæringstilbod i kommunen.

Statistiske prognosar frå SSB viser ein markant reduksjon i talet på barn i skulealder samtidig som det er ei auke i tal eldre innbyggjarar, noko som legg press på helse- og omsorgstenestene. Kommunen må fordele om ressursar, og det krev ein meir effektiv ressursbruk i skulesektoren, både når det gjeld bygningsmasse og personell. Dette handlar om at kommunen får reduksjon i frie midlar som er øyremerka barn, og ei auke i midlar til dei eldre. Dette fører til at vi i praksis må omstille (flytte) midlar frå skulesektoren til helse og omsorg.

Gjennom tenesteanalysen i Sunnfjord kommune er det slått fast at kommunen må redusere kostnadane i skulesektoren med over 70 millionar kroner fram mot 2032. For å oppnå dette, utan å gå på kompromiss med lovkrava for lærartettleik, spesialundervisning og tilpassa opplæring, må det gjennomførast strukturelle grep. Alternativet er store reduksjonar i lærarstillingar og svekking av kvaliteten på tenesta. Det må med andre ord gjerast eit val om korleis vi skal løyse dei 70 millionar kronene. Dette kan ein visualisere ved hjelp av denne modellen:

## Det vanskelege valet



Modellen syner at dersom ein berre gjer strukturgrep som har låg konsekvens, eller som er lite inngripande, vil ein stå att med ein stor del av omstilling og innsparing som må løysast ved å bruke «ostehøvel» - altså, kutt i ramma.

Om ein gjer større strukturelle endringar, som igjen vil ha større konsekvensar, vil vi i mindre grad måtte kutte i drifta. Modellen syner at kravet om omstilling og innsparing uansett vil føre til negative konsekvensar for sektoren, og at mykje av utfordringa handlar om å minimere dei konsekvensane i så stor grad som mogleg.


Den økonomiske omstillinga er krevjande, men den største utfordringa i eit lengre perspektiv vil vere rekruttering av personell. Ein ny skulestruktur kan gi kommunen høve til å skape sterkare fagmiljø gjennom samanslåing av skular og meir robust ressursbruk. Dette kan kompensere for rekrutteringsutfordringar som truleg vil gjere seg gjeldande på dei mindre skulane først. Sjå eige kapittel om rekruttering for nærare omtale.

Samstundes aukar utfordringane med psykisk u-helse og utanforskap blant ungdom, noko som krev eit sterkt lag rundt eleven med miljøarbeidarar, helsesjukepleiarar og spesialpedagogar. Ein godt planlagt skulestruktur kan sikre at desse ressursane blir utnytta meir effektivt.

Ein ny struktur skal også bidra til at kommunen etterlever opplæringslova og prinsippet om barnet sitt beste, forankra i Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon artikkel 3. Det er avgjerande at kommunen tek avgjerder som fremjar alle elevane sitt læringsmiljø, tryggleik og trivsel, samstundes som ein tek omsyn til både økonomiske og praktiske rammevilkår.


Hovudmålet er å utvikle ein berekraftig, effektiv og tilpassa skulestruktur som gir alle elevar i Sunnfjord kommune eit godt, likeverdig og framtidretta opplæringstilbod, gitt dei økonomiske rammene, og tilgangen på kvalifisert personell, som er tilgjengeleg.

### 1.1.1 Politiske vedtak som grunnlag for skulebruksplanen



## 1.1.2 Framtidsbilette

Elevtaksutviklinga i Sunnfjord kommune er negativ, - ei utfordring som dei aller fleste kommunar deler med oss<sup>1</sup>. SSB sine framskrivingar syner at elevtalet truleg vil halde fram med å synke til om lag 2035 før det stabiliserer seg. I grafen under har vi tatt med både alternativet med høg og låg vekst. Den rosa linja som stoppar i 2030 er dei folkeregistrerte barna i kommunen, og vil bli påverka av til- og fråflytting og inn- og utvandring. Legg merke til at grafen er manipulert ved at Y-aksen startar på 1600 barn.



Figur 1 - SSB 14288: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter region, alder, statistikkvariabel og år

Med bakgrunn i dette talmaterialet bør Sunnfjord kommune rigge sin skulestruktur til å handtere om lag 2400 elevar frå 2035. Vi har med utgangspunkt i tal einingsleiarane har meldt inn kapasitet til om lag 4100 elevar i skulebygga våre.

Vi har i dag i snitt 223 elevar pr. skule. Eit elevtal på 2400 elevar i 2035 gi eit gjennomsnitt pr. skule på 185. Det nasjonale gjennomsnittet i 2024 var 235 elevar<sup>2</sup>.


I framstillingane i denne saka har vi lagt til grunn barnetal frå folkeregisteret. Dette kan avvike noko for enkelte skular då det ikkje tar omsyn til eventuelle dispensasjonar, eller gjesteelevar<sup>3</sup> frå andre kommunar. Dette gjer seg spesielt gjeldande på dei små skulane, då få elevar gjer store relative utslag. Flyktingar blir folkeregistrert, og er dermed med i talgrunnlaget. Siste oppdatering av datasettet vart gjort 14.01.2025.

<sup>1</sup> <https://www.nrk.no/tromsogfinnmark/45.000-faerre-barn-i-norge-siden-2017--i-tromso-legges-skoler-ned-1.17298906>


<sup>2</sup> <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/analyser/2024/fakta-om-grunnskolen-20242025/skolenedleggelse/>

<sup>3</sup> Ein gjesteelev kan til dømes vere ein elev som barnevernet har plassert hjå ein familie i kommunen, som skal få grunnskuleopplæringa si her i kommunen.

Elevtalsutviklinga for kvar enkelt skule i kommunen ser slik ut:




Det samla elevtalet i kommunen ser slik ut:



Sidan dette er folkeregistrerte tal veit vi ikkje framtidig elevtal for kvar barneskule lengre enn til 2030, når 2024 barna startar i 1.klasse.




Dersom vi ser på ungdomssteget isolert ser elevtalsutviklinga fram til 2037 slik ut:



Ungdomssteget vil samla sett ha ein nedgang på 27% fram mot hausten 2037.

Det samla elevtalet i Førde sentrum (Førde barneskule, Førde ungdomsskule, Halbrend, Flatene, Slåtten og Sunde) syner denne utviklinga:



Det er venta ein reduksjon på 236 elevar på seks år. Til samanlikning er det 280 elevar i snitt på dei nemnte skulane. Den samla maksimale kapasiteten på dei same skulane er om lag 2500<sup>4</sup>. Reduksjonen frå hausten 2024 til hausten 2030 er på om lag 14%.

<sup>4</sup> Basert på tal einingsleiarane meldte inn i arbeidet med kunnskapsgrunnlaget.

### **Korleis kan vi møte dette?**

Framskrivningane for elevtalsutviklinga i Sunnfjord kommune viser ei vedvarande reduksjon fram mot 2035, noko som truleg gir konsekvensar for skulestrukturen. Med overkapasitet i skulebygga, medan prognosane peikar mot 2400 elevar i 2035, vil Sunnfjordskulen stå overfor utfordringar knytt til ressursutnytting, økonomisk berekraft og truleg pedagogisk kvalitet.

For å møte denne utviklinga er det naudsynt med eit langsiktig perspektiv. Det er nødvendig med grep i skulestruktur og organiseringa av skuletilbodet, for å sikre at ressursane vert brukt på ein effektiv og føremålstenleg måte, til det beste for heile elevmassen.

Framskrivningane frå SSB syner at sjølv i det mest optimistiske scenarioet, med høg nasjonal vekst, vil elevtalet i Sunnfjord kommune berre kunne nærme seg dagens nivå mot slutten av prognoseperioden. Dette vil framleis vere eit lågare elevtal enn toppåret i 2017, og ikkje nok til å fylle opp kapasiteten i dagens skulestruktur. Med andre ord må kommunen rekne med overkapasitet i skulane, sjølv i det mest gunstige tilfellet, noko som understrekar behovet for å gjere grep i sektoren.

## **2 Vurdering av barnet sitt beste**

I arbeidet med å utforme ein ny skulebruksplan for kommunen er barnet sitt beste sentralt. Dette er forankra i FNs barnekonvensjon, som kommunen er forplikta til å følge. Det inneber at alle avgjerder som blir fatta og som rører ved barn, skal setje barnet sine behov, rettar og interesser fremst. Samstundes må kommunen ta omsyn til det store biletet, inkludert dei krevjande økonomiske rammene og demografiske utviklingstrekk som utfordrar dagens skulestruktur.

Kommunen står framfor ei nødvendig omstilling for å oppnå eit innsparingsmål på 70 millionar kroner, og for å sikre kvalifisert personell i undervisninga. Dette krev ei heilskapleg vurdering av korleis ressursane kan forvaltast på ein måte som sikrar kvalitet i opplæringa, eit likeverdig tilbod og at vi oppfyller lovkrav. Samstundes må vi anerkjenne at endringar i skulestrukturen kan skape uro og engasjement blant elevar, foreldre og lokalsamfunn, og at enkelte elevar kan oppleve å få skuletilbodet sitt påverka negativt på nokre områder. Ein del av desse vurderingane omfattar utfordringar knytt til skuleveg, kapasitet i skulebygga og lokalsamfunnsattraktivitet, som vil bli omtalt nærare i seinare kapittel.

### **2.1 Barnet sitt beste i lys av saka**

Prinsippet om barnet sitt beste forpliktar oss til å sjå utover økonomiske tal og strukturmodellar. Det handlar om å stille spørsmål som:

- Korleis kan vi sikre at elevane får eit likeverdig opplæringstilbod, uavhengig av kvar dei bur i kommunen?
- Korleis kan vi sikre eit trygt og stimulerande læringsmiljø, som fremjar fagleg og sosial utvikling?
- Korleis kan vi inkludere barn og unge sine perspektiv i prosessen?

Desse spørsmåla er avgjerande for å sikre at dei løysingane vi landar på, ikkje berre er økonomisk forsvarlege, men også fremjar langsiktig kvalitet og trivsel for framtidige generasjonar.

## 2.2 Utfordringar og moglegheiter

Vi ser ein kommune der elevtalet minkar og avstanden mellom kostnadsnivået og inntektene aukar. Dette krev at vi tenkjer nytt om korleis ressursar som lærarkapasitet, bygg og digitale verktøy kan nyttast mest mogleg effektivt. Samstundes ligg det moglegheiter i å samle kompetansmiljø og styrke fellesskap blant elevar og tilsette gjennom meir konsentrerte skulemiljø.

Ein ny struktur kan sikre moglegheiter for spesialundervisning, sosial inkludering og fagleg fordjuping. Ved å samle ressursar kan vi også sikre at kommunen er betre rusta til å oppfylle nasjonale krav og forventingar til kvalitet i opplæringa.

## 2.3 Barnet si stemme

Barn og unge er dei som i størst grad vil merke konsekvensane av endringane. Difor må deira stemmer høyrast gjennom heile prosessen. For å sikre dette har kommunen utvikla eit eige undervisningsopplegg som alle klassar frå 3. til 10. trinn har gjennomført, med unntak av Førde barneskule og Førde ungdomsskule. Gjennom dette har elevane fått høve til å reflektere over og dele sine synspunkt. I tillegg kjem barnet sine stemmer til uttrykk gjennom foreldra sine innspel, då desse ofte speglar barna sine behov og opplevingar. Dette står det meir om i vedlegget «*Medverknad – ei oppsummering*».

Elevar har òg sendt inn eigne bidrag i høyringsprosessen, der dei formidlar kva dei meiner er viktig for deira læringsmiljø og kvardag. Vidare har elevar tatt ordet på folkemøte, noko som har bidrege til å gi dei ei direkte stemme i det offentlege ordskiftet. Gjennom medverknadsordningar som Elevråd, Samarbeidsutval, Ungdomsråd og UngData-undersøkinga får vi også verdifull innsikt i kva barn og unge opplever som gode løysingar for seg og sine medelevar.

Ved å ta barnet sitt beste som utgangspunkt kan vi sikre at vedtaka ikkje berre handlar om å oppnå økonomiske mål, men om å byggje ein skule for framtida – ein skule der alle barn får moglegheit til å lære, trivast og utvikle seg.

### 3 Tiltak

Forskjellig frå høyringa er tiltaka no delt opp i enkeltaktivitetar, og er nummerert. Tiltaka blir i det følgande organisert etter korleis kommunedirektøren vurderer konsekvensen av tiltaket sett opp i mot dei andre tiltaka. Alle tiltak vi ha konsekvensar for dei involverte. Tiltaka er sortert i 3 ulike kategoriar, med omtale av konsekvensar under kvar kategori. Det er lagt vekt på kor omfattande tiltaket er og kor mange det påverkar samla sett.

Når det gjeld konsekvensar av tiltaket, har vi avgrensa omtalen til å gjelde direkte konsekvens for elevar, tilsette og foreldre. Vi har og overordna vurdert dei positive effektane av tiltaket som utnytting av ressursar, kompetanse, og støttetjenester. Desse faktorane påverkar kvaliteten i skulen. Vi har ikkje omtala inngåande konsekvensar for lokalsamfunnet og korleis tiltaket kan påverke utviklinga lokalt.

Under økonomi er det estimert effekt av ei samanslåing til større einingar. Vi estimerer behov for funksjonsstillingar, reduksjon av leiging og samanslåing/utnytting av ressursar i samband med grupper og fag. Noko er konkret som reduksjon av leiging, men andre effektar kan bli påverka av situasjonen for kvart år, og er ikkje mogleg å fastslå.

## 3.1 Oversikt over tiltaka

### 3.1.1 Kategori 1

- Ikkje særleg auka reiseveg for elevar
- Påverkar elevane i mindre grad samanlikna med andre alternative tiltak.
- Påverkar lokalsamfunnet i mindre grad samanlikna med andre alternative tiltak.
- Mindre omfattande endringar i tilsette sin arbeidssituasjon, som flytting av lokasjon. Det kan likevel medføre overtal, eller anna arbeidsstad.

nr.	Tiltak	Innsparing	Investering	Heng saman med
1	Hafstad som ny felles ungdomskule for Førde ungdomsskule og ungdomstrinnet på Halbrend skule	4,7 millionar kroner	36 millionar kroner  Ny rapport, plass til 550 elevar. Ikkje auka investeringskostnader	Tiltak 2
2	Halbrend skule 1.-7. trinn Slå saman Halbrend skule og Flatene skule til ein felles barneskule.	6,7 millionar kroner	4-5 millionar kroner  Behov for oppgradering av SFO og uteområde	Tiltak 1

### 3.1.2 Kategori 2

- Auka reiseveg for elevar, og for nokre elevar blir truleg reisevegen lengre enn fylkeskommunen si tilrådd makstid
- Påverkar elevane sin skulekvardag og fritid
- Vil påverke lokalsamfunnet noko
- Tilsette sin arbeidssituasjon blir påverka t.d. grunna auka reiseveg og at deler av tilsette må byte arbeidsplass. Kan bli overtal av tilsette.

nr.	Tiltak	Innsparing	Investering	Heng saman med tiltak
3	Flytte ungdomstrinnet på Skei skule til Vassenden skule	2,8 millionar kroner	0	
4	Flytte ungdomstrinnet ved Viksdalen skule til Sande skule	2 millionar krone	0	

### 3.1.3 Kategori 3

- Påverkar mange elevar sin skulesituasjon og reiseveg.
- Nokre elevar som bur nærare enn 4 km frå skulen kan få ein meir utfordrande skuleveg, og nokre vil ha rett på skyss grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.
- Påverkar lokalsamfunn og busette sin situasjon
- Tilsette sin arbeidssituasjon blir i større grad påverka, ved at store deler av kollegiet må byte skule, det vil bli overtal og omplasseringar

nr.	Tiltak	Innsparing	Investering	Heng saman med tiltak
5	Slå saman Førde barneskule med Halbrend skule og Slåtten skule	9,9 millionar kroner	12 millionar kroner på Slåtten skule. 2-5 millionar kroner på Halbrend skule	Tiltak 2 Slåtten skule
6	Flytte Holsen skule og barnehage til Sunde skule	2,8 millionar kroner	Nei	Barnehage

### 3.1.4 Andre tiltak som har vore på høyring

nr.	Tiltak	Innsparing	Investering	Heng saman med tiltak
7	Samle Vassenden skule i eitt bygg	5,3 millionar kroner		
8	Legge ned Sunde skule	6 millionar kroner. Investering: Nei		Tiltak 1, 2 og 6
9	Legge ned Vassenden skule	12,8 millionar kroner		Tiltak 9 og 1
10	Legge ned Viksdalen skule	5,6 millionar kroner		Tiltak 6 og 9
11	Flytte Vassenden sitt ungdomssteg til Førde	7,6 millionar kroner		Tiltak 1 og 2
12	Slå saman ungdomstrinn ved Vassenden, Naustdal og Halbrend	14,4 millionar kroner		Tiltak 1, 5, 8 og 10
13	Reduksjon i ressursfordelinga	Innsparing 6,5 millionar kroner		Vedkjem alle skular
14	Oppheve klassesdelingstal ved innføring av ny ressursmodell	Innsparing 35 millionar kroner i 2029		Vedkjem alle skular

### 3.1.5 Plan for iverksetting

Kommunedirektøren vil utarbeide detaljerte planar for implementeringa av vedtekne tiltak i skulestrukturen. Desse planane vil ha hovudfokus på å sikre stabile læringsmiljø for elevane og tryggleik for dei tilsette, i samarbeid med tillitsvalde og verneombod.

For å sikre ein smidig overgang vil vi utvikle ein plan slik at elevar, føresette og tilsette vert godt førebudd på endringane.

Tiltaka i kommunedirektøren si tilråding vil hovudsakleg bli sett i verk hausten 2026, med unntak av tiltak 5 der Førde barneskule vert lagt ned og elevane flytta til Halbrend og Slåtten, som er planlagt hausten 2027.

#### Tilrettelegging for overgangsperioden

Innspel frå innbyggjarane viser at det er stor uro knytt til endringane i skulestrukturen. Mange peikar på at skuleflyttingar kan føre til lengre reiseveg, påverke lokalsamfunnet negativt og redusere trivselen for både elevar og tilsette. Kommunen tek desse bekymringane på alvor og vil sjå på løysingar som minimerer ulempene. Dette kan inkludere kompensierende tiltak som betre skuleskyss, overgangsordningar og pedagogisk oppfølging for å sikre ei god tilpassing for elevane.

For dei tilsette vil kommunen ha tett dialog med tillitsvalde og verneombod for å finne løysingar som tek vare på dei tilsette. Mellom anna vil vi vurdere moglegheitene for naturlege overgangar og vidareutdanning der det er naudsynt.

Planane skal sikre ein strukturert og føreseieleg prosess der både elevar, føresette og tilsette blir involverte og tekne vare på gjennom heile endringsprosessen. Ved å fase inn endringane stegvis, vil vi kunne sikre god ressursutnytting, unngå overbelastning på enkelte skular og leggje til rette for ein best mogleg overgang for alle partar.

## 3.2 Tiltak 1: Hafstad som ny felles ungdomskule for Førde ungdomsskule og ungdomstrinnet på Halbrend skule

### Hovudpunkta om tiltaket

---

#### Sentrale moment:

- Flytte ungdomssteget på Halbrend til Hafstad
  - Flytte Førde ungdomsskule til Hafstad
- 

#### Gjennomføring:

- Felles oppstart i nytt bygg hausten 2026
  - Alternativt kan Halbrend flytte over to år for å redusere kapasitetsutnyttinga noko.
- 

#### Konsekvensar:

- Stordriftsfordelar, mellom anna betre utnytting av kompetanse.
- Eit felles ungdomsmiljø i Førde sentrum



- Betre utnytting av støttetjenester som PPT og helsesjuepleiar.
- Elevtal på 537 hausten 2026. Norconsult har utarbeidd ny rapport som viser at bygget kan huse 550 elevar.

---

**Innsparingspotensial:**

- 4,7 millionar kroner

---

**Investeringsbehov:**

- 36 millionar kroner

---

**Vurdering:**

- Kommunedirektøren vurderer at tiltaket har låg konsekvens og høg økonomisk effekt samanlikna med andre alternative grep.

### 3.2.1 Skildring

Hafstad vidaregåande skule har kapasitet til å bli ein felles ny ungdomsskule i Førde sentrum. Skulen er i god teknisk stand og med noko ombygging vil skulen ha gode fasilitetar for undervisning på ungdomstrinnet. Uteområdet skal oppgraderast for å vere funksjonelt for målgruppa. Elevtalet på dei to skulane blir redusert raskt og frå 2029 vil det vere under 500 elevar ved skulen. Den siste rapporten frå Norconsult konkluderer med at skulen med noko ombygging har kapasitet til 550 elevar. Sjå kapittel 8 for nærare omtale om ombygginga av skulebygget.

Utnytting av Hafstad vidaregåande skule til ein felles ungdomsskule heng saman med andre tiltak og er avgjerande for at desse kan gjennomførast.

### 3.2.2 Gjennomføring

For at skulen skal starte opp som ein ny ungdomsskule bør elevar og tilsette frå Halbrend og Førde ungdomsskule starte samstundes hausten 2026. Oppstart hausten 2026 føreset at ombygging av Hafstad vidaregåande skule er ferdig.

Timeplan, romplan og samansetting av klassar må avklarast på førehand og involvere begge skulane. Ei samanslåing vil få konsekvensar for ulike funksjonar og samansetjing av team og leiargruppa. Det vil innebære at enkelte dobbeltfunksjonar må avsluttast i overgangen til ein skule. Tilsette ved dei to skulane vil bli overført til den nye skulen. Ei samanslåing av dei to skulane krev god involvering av tilsette, tillitsvalde og verneombod. Det må utarbeidast ein stillingsplan/funksjonsplan før samanslåing.

Ombygginga av bygget er nærare omtalt i kapittel 8, men ei sentral problemstilling blir om det skal om-byggast for å handtere «toppen» på 517 elevar, eller om bygget skal tilpassast ein elevmasse på ned mot 450 som er eit meir realistisk elevtal på lang sikt.

### 3.2.3 Økonomiske konsekvensar

I heile 1000kr

	Økonomisk effekt	Investeringsbehov
Reduksjon i grunnressurs	1 600	
Reduksjon i leiingsressurs (1,5 årsverk)	1 800	
Reduksjon i merkantil ressurs (0,4 årsverk)	280	
Estimerte stordriftsfordelar	1 000	
Ombygging til ungdomsskule (550 elevar)		32 225
Oppgradering av uteområde		3 500
<b>SUM</b>	<b>4 680</b>	<b>35 725</b>

Tiltaket frigjer kapasitet på Halbrend skule, slik at Flatene kan flyttast dit. Det vil deretter gi effekt av redusert kostnader på bygg.

### 3.2.4 Pedagogiske konsekvensar/Kvalitet:

Vurderinga er at ei samanslåing vil påverke kvalitet positivt grunna betre utnytting av kompetanse og ressursar. Det er utfordringar med å rekruttere kompetanse, særleg i spesifikke fag. Tilbodet innafor tilvalsfag (språk) og valfag (praktiske fag) vil bli styrka og gi eit likeverdig tilbod for ungdomstrinnet i Førde sentrum.

Støttesystema vil bli forsterka tilpassa eit høgare elevtal med helsesjukepleiar, miljøarbeidar og spesialpedagogar.

Det faglege profesjonsfellesskapet vil bli styrka gjennom med fleire tilsette som har kompetanse i dei ulike faga.

God utnytting av driftsressursar til utstyr og læremiddel særleg praktiske fag og naturfag

### 3.2.5 Konsekvensar for elevar og foreldre

For elevane blir det større tilhøve med samling av ungdomstrinnet. Det er ikkje noko forskning som tyder på at ein større skule har negativ effekt på skulemiljøet.

Ungdomane i Førde sentrum er samla i ulike aktivitetar på fritida og relasjonar går ofte på tvers av dei to skulane. Det kan difor vere ein styrke med ein felles ungdomsskule. Ungdomane skal og gå vidare på ein felles vidaregåande skule.

### 3.2.6 Skyss/skuleveg

Elevar frå Halbrend krins vil få noko lenger skuleveg. Avstandane er ikkje store og vurderinga er at avstanden ikkje vil påverke elevar eller foreldre i stor grad. Elevane frå Halbrend krins må krysse E39. Elevane må og krysse vegen ved Førdehuset når dei skal til kroppsøving og symjing.

### 3.2.7 Konsekvensar for tilsette

For tilsette vil det bli endringar i arbeidsstad, men avstanden mellom noverande arbeidsplass, og ny, er ikkje stor. Lokale er av god kvalitet og fasilitetane er gode med god størrelse på klasserom og arbeidsrom.

### 3.2.8 Fordelar

- God utnytting av ressursane
- Rekruttering og utnytting av fagkompetanse
- Ein felles ungdomskultur
- Gode støttesystem og utnytting av ressursane
- Utnytting av fasilitetar i Førde sentrum, Hafstadparken, Førdehuset og kulturskulen

### 3.2.9 Ulemper og risiko

- Noko lenger skuleveg for elevar i Halbrend krins med kryssing av E39
- Kryssing av veg til kroppsøving og symjing

### 3.2.10 Vurdering av barnet sitt beste

Ei samanslåing av skulane vil ikkje ha direkte negative konsekvensar for barna, då avstanden mellom den noverande skulen og den nye er kort. Endringa legg til rette for betre utnytting av ressursane, styrking av støttetjenestene og eit sterkare fagmiljø, noko som kan gi elevane eit betre læringstilbod og auka moglegheiter for tilpassa opplæring.

Mange av elevane deltek allereie i felles fritidsaktivitetar i Førde, og ei samanslåing kan bidra til å styrke relasjonane mellom barn og unge på tvers av ulike interesser og aktivitetar. Dette kan gi eit større sosialt nettverk og redusere overgangen til vidaregåande skule, då fleire elevar allereie vil kjenne kvarandre godt.

For enkelte elevar kan overgangen til ein større skule opplevast som mindre trygg, spesielt i starten. Difor vil det vere viktig å planlegge ein slik overgang, og gjere den så god som mogleg for elevane. Samstundes vil mange oppleve fordelane med eit større elevmiljø, der det er lettare å finne vener med felles interesser og der læringsmiljøet kan bli meir variert og inspirerende.

Samla sett vurderer ein at fordelane ved ei samanslåing, både fagleg og sosialt, er større enn eventuelle ulemper. Med gode tiltak for trygg overgang og inkludering kan samlinga av skulane gi eit betre tilbod for alle elevar samla sett.

## 3.3 Tiltak 2: Halbrend skule 1.-7. trinn. Slå saman Halbrend skule og Flatene skule til ein felles barneskule.

### Hovudpunkta om tiltaket

---

#### Sentrale moment:

- Avhengig av at ungdomssteget er flytta til Hafstad
  - Halbrend skule har kapasitet til å ta i mot Flatene med mindre oppgraderingar av bygningsmasse og uteområde.
- 

#### Gjennomføring:

- Kan setjast i verk frå hausten 2026, gitt flytting av ungdomssteget.
  - Ikkje behov for trinnvis overføring.
- 

#### Konsekvensar:

- Mindre konsekvensar då Flatene og Halbrend ligg i same område.
  - Småskulen vil miste fordelane utforminga av bygningsmassen på Flatene gir.
- 

#### Innsparingspotensial:

- 6,7 millionar kroner
- 

#### Investeringsbehov:

- Mellom 2 og 5 millionar kroner
- 

#### Vurdering:

- Kommunedirektøren vurderer dette tiltaket som eit naturleg grep dersom ungdomssteget vert flytta til Halbrend.
- 

### 3.3.1 Skildring

Ein felles ungdomsskule i Førde sentrum vil frigjere kapasitet ved Halbrend skule, til å slå saman Halbrend skule og Flatene skule til ein felles barneskule. Flatene skule vart bygd som ei skule frå 1.-4. trinn i samband med 6-års reforma i 1997. Skulen har gode fasilitetar for SFO og småskulesteget. Halbrend skule var fram til 1998 ein barneskule frå 1.-7. trinn. Halbrend skule vart utbygd og rehabilitert i 2012 og har gode fasilitetar. Skulen har gode lokale til praktisk estetiske fag. I 2022-23 vart den nye Halbrendshallen bygd og skulen har svært gode lokale til kroppsøving. I nær tilknytning til skulen er det ein kunstgrasbane og eit stort uteområde. Uteområde må tilpassast 1.-4. trinn. Halbrend skule har ikkje eigne rom til SFO, men det er mogleg å legge SFO til delen som vender ut mot parkeringsplassen. I denne delen er det gymsal og tre klasserom som kan nyttast til SFO basar. Det er kjøkken i denne delen, slik at SFO samla sett får tilgang på gymsal, garderober, kjøkken og SFO basar.

### 3.3.2 Gjennomføring

For at skulen skal starte opp som ein ny barneskule frå 1.-7. trinn bør elevar og tilsette frå Halbrend og Flatene starte samtidig med oppstart av ny ungdomsskule hausten 2026. Oppstart hausten 2026 føresett at ombygging av Hafstad vidaregåande skule er ferdig.

Timeplan, rom plan og samansetjing av klassar må avklarast på førehand og involvere begge skulane. Ei samanslåing vil få konsekvensar for ulike funksjonar og samansetjing av team og leiargruppa. Det vil innebere at enkelte dobbeltfunksjonar må avsluttast i overgangen ein felles skule. Tilsette ved Flatene skule vil bli overført til den nye skulen. Ei samanslåing av dei to skulane krev god involvering av tilsette, tillitsvalde og verneombod. Det må utarbeidast ein stillingsplan/funksjonsplan før samanslåing.

### 3.3.3 Økonomiske konsekvensar

I heile 1000 kr

	Økonomisk effekt	Investeringsbehov
Reduksjon i grunnressurs	1 600	
Reduksjon i leiingsressurs (0,5)	600	
Reduksjon i merkantil ressurs (0,5)	350	
Estimerte stordriftsfordelar	260	
Ombygging til barnetrinn		0 - 2 000
Oppgradering av uteområde		2 000 - 3 000
Reduksjon i byggdrift	4 440	
Fråfall av tilskot	- 563	
<b>SUM</b>	<b>6 687</b>	<b>2 000 - 5 000</b>

### 3.3.4 Pedagogiske konsekvensar/Kvalitet

Ein barneskule frå 1.–7. trinn vil sikre ein meir samanhengande opplæring gjennom heile barnetrinnet. Felles rutinar og ein gjennomgåande pedagogisk praksis vil styrke læringsmiljøet og gi betre samanheng for elevane. Samlokalisering av ressursar og kompetanse vil styrke både utnytting og rekruttering av fagpersonar, noko som vil komme elevane til gode.

Støttesystem som helsesjukepleiar og spesialpedagogar kan samlast og i større grad vidareutviklast på éin skule, noko som gir betre tilgjenge og oppfølging for elevar med særlege behov. I tillegg vil profesjonsutvikling bli styrka gjennom tettare samarbeid på tvers av klassestega, der lærarar får meir innsikt i dei ulike hovudstega i opplæringa og kan dele erfaringar og kompetanse.

Ved å unngå ei overgang mellom 5. og 6. trinn vil elevane oppleve større kontinuitet, noko som er spesielt viktig for dei som treng ekstra oppfølging. Samstundes vil betre utnytting av ressursar til læremiddel og utstyr gi både pedagogisk og økonomisk gevinst.

Flatene skule har særleg gode fasilitetar for SFO og småskule, medan basane på Halbrend skule ikkje held same standard. Skulebygget på Halbrend vil likevel, med enkelte justeringar i bygg og på uteområdet, ha ein standard som dekker behova for ein 1.-7. skule.

### 3.3.5 Konsekvensar for elevar og foreldre

Klassemiljøet vil ikkje bli påverka. Det vil vere dei same klassane som ved dei to skulane i dag, sidan krinsen ikkje blir endra. Skuletilbodet samla sett vil ikkje bli påverka negativt.

### 3.3.6 Konsekvensar for tilsette

For tilsette vil det bli endringar i arbeidsstad, men avstanden mellom noverande arbeidsplassar er ikkje stor. Lokale er av god kvalitet for tilsette på Halbrend skule og klasserom og spesialrom er av god kvalitet. Stillingsomfanget vil vere omlag på same nivå som ved dei to skulane. Det vil bli behov for å tilpasse funksjonar og oppgåver til ein felles skule. I leiinga vil det bli overtal på ein rektorstilling.

### 3.3.7 Skyss/skuleveg

For dei aller fleste elevane vil skulevegen bli påverka i liten grad. Elevane som bur i Ytre Hafstad-området vil få ein noko lengre skuleveg, med ein auke på om lag 200–300 meter, og dei må krysse brua over elva.

Vegen opp til Flatene skule kan vere utfordrande om vinteren, men ein positiv effekt av endringa er redusert trafikk og færre bussar på denne strekninga.

Ved Halbrend skule er det venta ei auke i biltrafikken, ettersom elevar på SFO ikkje har rett på skuleskyss og difor i større grad vil bli henta og levert av føresette. Skule og barnehage deler same tilkomstveg, droppsoner og parkeringsareal. Endringa i alderssamansetting med etableringa av småskule og SFO ved Halbrend skule vil medføre meir bilkøyning i området, noko som vil samanfalle med levering og henting i Halbrend barnehage. Dette vil leggje eit betydeleg press på Liavegen, droppsoner og parkeringskapasiteten.

I tillegg er trafikkareala ved Halbrend skule og barnehage ikkje tilstrekkeleg tilrettelagde for å separere mjuke og harde trafikantar. I Norsk vegdatabase er det registrert to trafikkulykker (2014 og 2019) i området der mjuke trafikantar har vore involverte i ulykker med personbilar.

Skulen har ikkje etablert hjertesone. Dette er eit tiltak som bør setjast i verk for å forbetre trafikksituasjonen.

### 3.3.8 Fordelar

- Eitt skulebygg mindre
- Pedagogisk kontinuitet gjennom barnesteget
- Utnytting av felles ressursar og kompetanse
- Profesjonsutvikling og erfaringsdeling frå 1.-7. trinn
- Ikkje overgang mellom 5. og 6. trinn
- God spesialrom og ein stor hall
- Mindre trafikk og bussar opp til Flatene området

### 3.3.9 Ulemper og risiko

- Flatene skule sin arkitektur er tilpassa småskulen, og gir ein kvalitet ein ikkje får att på Halbrend skule.
- Trafikksituasjon på Halbrend.

### 3.3.10 Vurdering av barnet sitt beste

Vurdering av barnet sitt beste må ta omsyn til både pedagogiske, sosiale og praktiske faktorar som påverkar elevane sin kvardag. Ein samanhengande skule frå 1.–7. trinn kan gi større kontinuitet i opplæringa, tryggare overgangar og betre utnytting av ressursar til støtte for elevane, spesielt dei med særlege behov. Likevel må ein vurdere dei praktiske utfordringane, som lengre skuleveg for nokre elevar og trafikktryggleik ved Halbrend skule. Sjølv om elevane ikkje vil oppleve endringar i klassemiljøet, vil ikkje . Det er difor viktig at eventuelle justeringar i skulebygg, uteområde og transport vert grundig vurderte for å sikre at alle elevar har eit trygt og inkluderande skulemiljø.

## 3.4 Tiltak 3: Slå saman ungdomstrinnet på Skei skule med ungdomstrinnet på Vassenden skule

### Hovudpunkta om tiltaket

---

#### Sentrale moment:

- Ungdomssteget vert flytta til Vassenden skule
  - Lang reiseveg for elevar
- 

#### Gjennomføring:

- Kan gjennomførast hausten 26, utan stegvis overføring.
- 

#### Konsekvensar:

- Lengre reisetid for alle elevar, og spesielt lang reisetid for elevar busett i Stardalen.
  - Skyss kan organiserast innafor 75 min reisetid, men risiko for at elevar får lengre reiseveg er stor.
- 

#### Innsparingspotensial:

- 2,8 millionar kroner
- 

#### Investeringsbehov:

- Det er ikkje behov for investeringar på Vassenden skule.
- 

#### Vurdering:

- Tiltaket gir betre utnytting av lærarkrefter, spesielt i fag med rekrutteringsutfordringar. Større fagmiljø og betre bruk av støttefunksjonar.
  - Reduserer framtidig investeringsbehov ved Skei skule.
  - Lengre reiseveg for elevane, spesielt frå Stardalen, som kan nærme seg eller overstige 75-minuttsgrensa. Mindre fritid og auka logistikkutfordringar for elevar og familiar.
- 

### 3.4.1 Skildring

Ungdomstrinnet ved Skei skule har ein parallell og framover eit stabilt elevtal. Vassenden skule har ein nedgang i elevtal og har god kapasitet til eit samanslått ungdomstrinn. Vassenden skule har eit høvesvis nytt bygg tilpassa ungdomstrinnet. Ved Skei skule vil det innan kort tid vere behov for å rehabiliterer bygga. Ein samla ungdomsskule i området vil bli ein to-parallell ungdomsskule som legg til rette for god utnytting av ressursane og bygg.

### 3.4.2 Gjennomføring

Elevane blir flytta til Vassenden skule frå hausten 2026. I forkant av flyttinga må det utarbeidast ein stillingsplan for å ivareta tilsette og skulen sin behov for kompetanse. Elevane skal ivaretakast gjennom felles tiltak i forkant av samanslåinga.

### 3.4.3 Økonomiske konsekvensar

I heile 1000 kr

	Økonomisk effekt
<b>Reduksjon i grunnressurs</b>	<b>1 600</b>
Reduksjon i leiingsressurs (0,6)	720
Reduksjon i merkantil ressurs (0,2)	140
Estimerte stordriftsfordelar	500
Auke i skysskostnadar	- 126
<b>SUM</b>	<b>2 834</b>

### 3.4.4 Pedagogiske konsekvensar/Kvalitet:

Ei samanslått ungdomsskule vil gi betre utnytting av dei samla ressursane. Kompetanse kan utnyttast betre ved at lærarar kan undervise fleire timar i sitt fag. Særleg er det positivt i praktiske estetiske fag og språkfag, når vi ser at det er utfordrande med å rekruttere faglærarar. God utnytting av støttesystem som helsesjukepleiar og spesialpedagogar vil og gi ein fordel ved ein større ungdomsskule. Utstyr og læremiddel kan utnyttast på ein god måte med fleire klassar og elevar.

Ein samanslått ungdomsskule vil gi eit større ungdomsmiljø i området og kan vere ein positiv faktor. Ein slik samanslåing vil ikkje påverke det sosiale arbeidet negativt.

### 3.4.5 Konsekvensar for elevar og foreldre

Elevane frå Skei vil få lengre reiseveg og nokre elevar får ein særleg lang reiseveg (sjå kap. 4.4.7). Elevar på Skei vil få eit ekstra skulebytte i løpet av sin skulegang. Aktivitetstilbodet på ettermiddag/kveld kan bli redusert dersom ungdomsskuleelevar blir att på Vassenden for deltaking på aktivitetar der etter skulen.

### 3.4.6 Konsekvensar for tilsette

Tilsette som underviser på Skei vil bli flytta til Vassenden skule. Det kan bli overtal på funksjonar og stillingar. Tilsette i Skei området vil få lengre reiseveg.

### 3.4.7 Skyss/skuleveg

Reisetida med rutebuss, som køyrer direkte frå Skei til Vassenden, tek om lag 20 minutt. Vegen frå Skei skule er av god standard, men for fleire av elevane som bur lengst unna, vil den samla reisetida auke monaleg dersom ungdomssteget vert flytta til Vassenden.

For nokre elevar kan reisetida samla sett overstige den anbefalte grensa på 75 minutt éin veg. I dialog med fylkeskommunen/Skyss vart det kommunisert at Skyss



har retningslinjer for reisetid som seier at ungdomsskuleelevar ikkje skal ha lengre reisetid enn 75 minutt éin veg. Skuleskyssen vil bli organisert slik at skyssen er innafor denne tida, så langt det er mogleg. Med utgangspunkt i dagens elevar på ungdomssteget skal det vere mogleg å organisere skuleskyssen slik at elevar ikkje får reisetid over 75 minutt i følge Skyss.

For elevane i Stardalen vil reiseavstanden til Vassenden skule vere særleg lang. Elevar frå dei inste delen av Stardalen, Fonn, vil få ein reiseavstand på minst 43,1 kilometer. Dette vil kunne føre til reisetid over fylkeskommunen sine retningslinjer samla når ein også reknar med tida elevane brukar på å komme seg til bussen, overgang mellom bussar på Skei, og tida fram til undervisninga startar.

For elevane i Skei sentrum er avstanden kortare, men likevel betydeleg. Med dagens rutetilbod tek reisa mellom Skei og Vassenden, inkludert avstikkarar via Årdalen, Ålhusdalen og Svidalen, opp mot ein time. I tillegg kjem tida det tek å gå til og frå haldeplassen, noko som gjer at samla reisetid lett kan nå 75-minuttsgrensa.

Det er også elevar som bur i området frå Skei sentrum og mot Kjøsnes. Elevar med lengst avstand bur om lag 1,5 km frå busshaldeplassen ved Jølster Hotell. Dersom dei må gå vil det påverke reisetida samla sett.

For elevar som i dag kan gå eller sykle til skulen på Skei, vil flytting av ungdomsskulen bety at alle må over på skuleskyss. Dette gjer at ingen ungdommar frå Skei skulekrins lenger vil kunne bruke eigen fysisk aktivitet som transportmiddel til skulen.

For å organisere skyssen slik at reisetida ikkje overgår retningslinjene, vil det vere behov for direkteruter mellom Skei og Vassenden, i tillegg til tilknyttingsskyss/sideskyss for dei som bur utanfor hovudtraséen. Dette kan vere ei løysing som sikrar at elevar frå Skei sentrum får ei reisetid nærare 30-40 minutt, og at elevar frå Stardalen kjem under 75-minuttsgrensa.

Konklusjonen er at reisevegen for elevane ved Skei skule vil endre seg betydeleg dersom ungdomssteget vert flytta til Vassenden. For nokre elevar kan reisetida verte lang, noko som vil krevje tilpassingar i skuleskyssen for å halde seg innafor fylkeskommunen sine retningslinjer.

Sjå kapittel 8.1 for generell omtale om lang reiseveg.

### 3.4.8 Fordelar

- God utnytting av ressursane ved ein felles ungdomsskule.
- Eit auka fagmiljø på ungdomssteget.
- Mindre behov for investeringar ved Skei skule.

### 3.4.9 Ulemper og risiko

- Auka reiseveg for elevane og for nokre ekstra lang reiseveg
- Vil påverke fritid og logistikk for elevane og deira familie
- Overtal av tilsette og endringar i stillingar og funksjonar.
- Lengre reise for tilsette.
- Færre lærarar og eit mindre fagmiljø på Skei skule.

- Potensielt tap av kvalifiserte tilsette som følgje av lang reiseveg frå Gloppen og Sogndal kommunar.

#### 3.4.10 Vurdering av barnet sitt beste

For elevar med lang reiseveg vil ei samanslåing innebere ei vesentleg ulempe. Særleg for elevar frå Stardalen, men også frå andre områder i Skei sin skulekrins, kan reisevegen bli så lang at det påverkar kvardagen deira i stor grad. Auka reisetid vil redusere fritid, gi mindre fleksibilitet i kvardagen og skape utfordringar for familielogistikken. For nokre elevar kan reisetida potensielt overstige fylkeskommunen sine retningslinjer for skuleskyss, noko som kan gjere kvardagen krevjande.

Kommunedirektøren vurderer at for fleirtalet av elevane vil ikkje reisevegen bli så lang at det får alvorlege konsekvensar for trivsel og læring. Ein felles ungdomsskule vil kunne gi betre ressursutnytting, både når det gjeld lærarkrefter, spesialpedagogiske tilbod og støttefunksjonar som helsesjukepleiar. Særleg i fag der det er utfordrande å rekruttere kvalifiserte lærarar, som praktisk-estetiske fag og språkfag, kan ei samanslåing gi betre undervisningstilbod.

Eit større ungdomsmiljø kan gi positive sosiale effektar, og ei betre ressursutnytting kan sikre at elevane får eit godt skuletilbod med tilstrekkeleg med vaksentettleik og kompetanse. Samtidig må omsynet til elevar med særleg lang reiseveg vektleggast tungt, då dette kan påverke både deira skulekvardag og fritid på ein negativ måte.

Samla sett er vurderinga at ei samanslåing har klare fordelar knytt til fagmiljø og ressursar, men at ulempene knytt til reisetid og konsekvensane for enkelte elevar er betydeleg.

## 3.5 Tiltak 4: Flytte ungdomstrinnet ved Viksdalen skule til Sande skule

### Hovudpunkta om tiltaket

#### Sentrale moment:

- Ungdomssteget på Viksdalen skule blir flytta til Sande skule
- Kritisk lågt elevtal på ungdomssteget

#### Gjennomføring:

- Hausten 2026

#### Konsekvensar:

- Lengre reiseveg for elevar, spesielt lang reisetid for delar av elevmassen.
- Få elevar att på skulen om ungdomssteget vert flytta

#### Innsparingspotensial:

- 2 millionar kroner

#### Investeringsbehov:

- Ingen

#### Vurdering:

- I tillegg til ei innsparing i drifta på 2 millionar kroner, er elevtalsnedgangen på skulen eit sentralt argument for å flytte ungdomssteget.

### 3.5.1 Skildring

Elevtalet ved Viksdalen skule blir redusert i tida framover. Frå hausten 2025 og fram til hausten 2030 går elevtalet ved ungdomssteget frå 15 til 6 elevar. Sande skule skal rehabiliterast og byggast på, slik at Sande skule får gode fasilitetar for ungdomstrinnet. Ei flytting av elevane frå Viksdalen samlar ungdomane i Gaularområdet ved ein ungdomsskule.

### 3.5.2 Gjennomføring

Elevane blir flytta til Sande skule frå hausten 2026. I forkant av flyttinga må det utarbeidast ein stillingsplan for å ivareta tilsette og skulen sin behov for kompetanse. Elevane skal ivaretakast gjennom felles tiltak i forkant av samanslåinga.

### 3.5.3 Økonomiske konsekvensar

I heile 1000 kr

	Økonomisk effekt
<b>Reduksjon i grunnressurs</b>	<b>1 600</b>
Reduksjon i leiingsressurs (0,4)	480
Estimerte stordriftsfordelar	-
Auke i skysskostnadar	- 32
<b>SUM</b>	<b>2 048</b>

Investeringsbehov: Det er ikkje behov for investeringar

### 3.5.4 Pedagogiske konsekvensar/Kvalitet

Ein ungdomsskule stiller krav til at lærar oppfyller kompetansekrava for ungdomstrinnet i alle fag. I tillegg skal elevane ha undervisning i praktisk estetiske fag, valfag og tilvalsfag. Det vil etter kvart bli utfordrande å rekruttere og utnytte lærarane sin kompetanse i alle fag, sidan fagkrinsen er smal. Ei flytting til Sande skule vil gi betre utnytting av ressursane og elevane kan få eit breiare fagleg tilbod t.d. i tilvalsfag og valfag.

Det blir for alle elevane betre tilgang på støttetjenester som helsesjukepleiar og spesialpedagogar.

### 3.5.5 Konsekvensar for elevar og foreldre

Elevane vil få lengre skyssveg og for nokre elevar vil skyssen bli særleg lang (Sjå kapittel 4.5.7). Aktivitetsnivået på ettermiddag/kveld i Viksdalen kan bli redusert dersom ungdomsskuleelevane blir att på Sande for å delta på aktivitetar der.

### 3.5.6 Konsekvensar for tilsette

Tilsette vil bli overført til Sande skule, eventuelt andre skular i Sunnfjord kommune. Nokre kan få lengre reiseveg.

### 3.5.7 Skyss/skuleveg

Ei eventuell flytting av ungdomssteget frå Viksdalen til Sande skule vil innebære ei auke i reisetid for alle elevane. For dei som får lengst skuleveg, kan reisetida bli opp mot 66 minutt éin veg, gitt rutetidene til Skyss (frå Hoffslåttene indre). Dette er medrekna 11 minutt venting ved Eldalsosen, men ikkje medrekna tida elevane brukar til bussen, og tida fram til skulen startar.

Elevane ved Viksdalen skule kjem frå tre hovudretningar: Roska, Solheim og Hoffslottene/Mjell. Dei ulike reiserutene gjer at mange elevar truleg vil måtte bruke tid på overgangar og venting ved knutepunkt som Eldalsosen. Frå Roska til Eldalsosen er det 6 km, og frå Solheim er avstanden 12 km.

Det må også takast omsyn til at nokre elevar har ein ekstra avstand frå heimen til busshaldeplassen. For desse elevane kan den totale reisetida bli vesentleg lengre enn det som er oppgitt i reknestykka for bussrutene.

Vegen frå Viksdalen til Sande er smal, og delar av strekinga er utsett for ras. Sjølv om det er gjennomført rassikring dei siste åra og det er planar om ytterlegare tiltak, er det framleis ein viss risiko knytt til tryggleiken langs vegen. I vinterhalvåret kan også vanskelege køyreforhold påverke reisetida og skape utfordringar for skuleskyssen.

Ifølgje retningslinjene frå Skyss skal reisetida for ungdomsskuleelevar ikkje overstige 75 minutt éin veg. Skuleskyssen vil bli organisert slik at den i størst mogleg grad held seg innanfor desse retningslinjene. Likevel er det ein risiko for at enkelte elevar, særleg dei frå Mjell og dei mest perifere områda, kan få ein reisetid som nærmar seg eller overstig denne grensa.

Ei så lang dagleg reise kan få konsekvensar for elevane si trivsel, deltaking i fritidsaktivitetar og kvardagslogistikk for familiane. I tillegg vil påkjenninga ved lang

reisetid påverke kor opplagt elevane er, som igjen påverkar skulekvardagen, og kan føre til utfordringar knytt til læring og sosial deltaking.

Konklusjonen er også i dette tiltaket at reisevegen for elevane ved Viksdalen skule vil endre seg betydeleg dersom ungdomssteget vert flytta til Sande. For nokre elevar kan reisetida verte lang, noko som vil krevje tilpassingar i skuleskyssen for å halde seg innafør fylkeskommunen sine retningslinjer.

Sjå også kapittel 8.1 for generell omtale av lang skuleveg.

### 3.5.8 Fordelar

- Betre utnytting av ressursane
- I større grad nytte lærarane sin kompetanse
- Betre tilgang på støttetjenester for elevane
- Rehabiliter og renoverte lokale på Sande skule
- Eit større ungdomsmiljø

### 3.5.9 Ulemper og risiko

- Auka reisetid som påverkar elevane og familiane sin kvardag og fritid
- Small reiseveg med eit rasfarleg parti
- Vil påverke lokalsamfunnet i Viksdalen

### 3.5.10 Vurdering av barnet sitt beste

Reisevegen og auka skysslengde kan påverke barna negativt. Meir tid til reise kan vere negativt for familiane og fritidsaktivitetar. Ei flytting vil styrke det faglege tilbodet og rammer for oppfølging av elevane med betre tilgang til støttetjenester. Samla sett vil betre utnytting av ressursane og kompetanse vere ein positiv effekt som er til beste for barna. Eit godt skuletilbod med tilstrekkeleg med ressursar og kompetanse er ein viktig faktor for at barn skal ha det bra.

## 3.6 Tiltak 5: Slå saman Førde barneskule med Halbrend skule og Slåtten skule

### Hovudpunkta om tiltaket

---

#### Sentrale moment:

- Førde barneskule vert lagt ned, og elevane vert flytta til Slåtten og Halbrend.
- 

#### Gjennomføring:

- Hausten 2027, dersom ungdomssteget på Halbrend er ute av bygget.
- 

#### Konsekvensar:

- Påverkar mange elevar
  - Utløyser investeringsbehov på Slåtten og Halbrend
  - Elevar som bur i området Bergum, Haugum og Hundvebakke, får skuleveg gjennom Førde sentrum.
- 

#### Innsparingspotensial:

- 9,9 millionar kroner
- 

#### Investeringsbehov:

- Slåtten: 12 millionar kroner
  - Halbrend: 2-5 millionar kroner
- 

#### Vurdering:

Dette er eit tiltak som påverkar mange elevar. Tiltaket kan påverke sentrumsutviklinga i Førde si sentrumskjeerne.

### 3.6.1 Skildring

Elevtalet ved Førde barneskule har blitt redusert over tid og i 2029 er det forventa om lag 170 elevar ved skulen. Om vi ser på skulane i Førde sentrum, går det samla elevtalet frå 1705 elevar hausten 2024, til 1469 elevar hausten 2030. Det er ein nedgang på 236 elevar på 6 år. Om ein ser på skulestrukturen i Førde sentrum, kapasitet på bygga opp i mot denne elevtalsutviklinga, er nedlegging av Førde barneskule det tiltaket som best tilpassar skulestrukturen til nytt elevtal.

Halbrend skule som barneskule vil ha kapasitet til deler av Førde barneskule og Slåtten skule vil med noko ombygging ha kapasitet til deler av elevane. Førde barneskule sin krins må delast opp og elevane blir splitta opp og fordelt på dei to skulane etter nye kringsgrenser.

### 3.6.2 Gjennomføring

Tidsperspektivet er avhengig av når ei utbygging av Hafstad vidaregåande skule og Slåtten skule er gjennomført. Ei splitting av elevane krev ein plan for oppfølging av elevane og tiltak for at dei skal bli kjend med den nye skulen. Det må setjast saman nye klassar som krev førebuing og involvering. For tilsette må det utarbeidast ein stillingsplan med involvering av organisasjonar og verneombod.

### 3.6.3 Økonomiske konsekvensar

I heile 1000 kr

	Økonomisk effekt	Investeringsbehov
Reduksjon i grunnressurs	1 600	
Reduksjon i leiingsressurs (1,5)	1 800	
Reduksjon i merkantil ressurs (0,8)	560	
Estimerte stordriftsfordelar	1 500	
Investering bygg Slåtten		12 000
Investering bygg Halbrend		0 - 2 000
Oppgradering av uteområde Halbrend		2 000 - 3 000
Auke i skysskostnadar (25 elevar)	- 225	
Reduksjon i byggdrift	5 200	
Fråfall av tilskot	- 563	
<b>SUM:</b>	<b>9 872</b>	<b>14 000 - 17 000</b>

### 3.6.4 Pedagogiske konsekvensar/Kvalitet

Betre utnytting av ressursane og kompetansen til lærarar særleg innafor praktisk estetiske fag. Utnytting av spesialkompetanse som spesialpedagogar, helsesjuepleiar og miljøarbeidarar.

### 3.6.5 Konsekvensar for elevar og foreldre

I ein overgang vil splitting av klassar og flytting av elevar gi store konsekvensar og må gjennomførast så skånsamt som mogleg. Konsekvensen med splitting av elevane vil etter kvart bli redusert med inntak av nye kull. For foreldre vil splitting påverke og dei må forholde seg til nye skular og lærarar.

### 3.6.6 Konsekvensar for tilsette

Tilsette vil bli splitta opp og flytta til ulike skular, primært dei to nye skulane. Det får i seg sjølv konsekvensar for tilsette, ved at eit miljø blir splitta opp. Det må utarbeidast ein heilskapleg stillingsplan som mellom anna iverretar dei tilsette og det heilskaplege behovet for kompetanse på skulane. Det vil bli overtal av leiarar ved å slå saman skulane.

### 3.6.7 Skyss/skuleveg

Endringa i skulestrukturen vil føre til at elevar frå Hornes, Bergum, Haugum og Hundvebakke som skal til Halbrend og/eller Flatene skular får ein meir krevjande skuleveg. Skulevegen gjennom Førde sentrum, med kryssing av fleire trafikkerte vegar, inkludert hovudfartsårer som RV5 og E39, inneber risiko for dei yngste elevane.

Det er no gjennomført ei eiga vurdering av skulevegen gjennom sentrum, som er lagt ved saka. Vurderinga tek utgangspunkt i regelverket for skuleskyss, samt objektive forhold som trafikkmengd, vegstandard, belysning, siktilhøve og fysiske utformingar av kryssingspunkt. Konklusjonen er at den samla risikoen gjer skulevegen særleg

farleg eller vanskeleg for elevar på 1.–4. trinn. På denne bakgrunn tilrår kommunedirektøren at desse elevane får skuleskyss.

For 1. klasse-elevar vil avstanden gi rett til skyss etter avstandskriteriet i opplæringslova, medan eldre elevar i området ikkje oppfyller avstandskravet på 4 km. Likevel er det vurdert at vegen inneber ein særleg risiko for dei yngste elevane. Sunnfjord kommune har frå før ei liste over vegar som er vurdert som særleg farlege eller vanskelege, og vurderinga av skulevegen gjennom sentrum stadfestar at denne ruta bør omfattast av ordninga for skuleskyss.

For elevar på Hafstadflata er det uklart om skulevegen blir tryggare eller meir risikofyllt samanlikna med tidlegare, men utbetringar i Førdepakken har forbetra forholda for mjuke trafikantar.

Dersom det blir vedteke skuleskyss for 1.–4. trinn i form av eit «samlevedtak», vil desse elevane få skyss utan å måtte søke individuelt. Elevar på mellomsteget vil kunne søke om skyss, og få sine søknadar handsama individuelt. Hausten 2026 vil det vere 25 elevar på 2.–4. trinn som får skuleskyss etter denne ordninga. I dialog med fylkeskommunen er det signalisert at det er mogleg å justere eksisterande ruter, slik at det ikkje blir behov for å sette opp ekstrabussar utanom det ordinære rutetilbodet. Kostnaden for kommunen vil dermed vere knytt til persontaksten på 9000 kroner pr. elev.

Elevane som skal til Slåtten skule vil i ein periode få ein skuleveg med anleggstrafikk når Angedalsvegen blir utbetra. I denne perioden vil det ikkje vere ope for gjennomkøyring, noko som reduserer den ordinære biltrafikken. Det er krav om at vegen skal vere open for mjuke trafikantar i byggeperioden. Etter utbetringa vil det bli etablert gang- og sykkelveg til Slåtten skule. Det må gjerast vurderingar på om anleggsarbeidet gjer til at skulevegen er særleg farleg eller vanskeleg når arbeidet er i gong.

At fleire elevar i dette tiltaket får ein meir krevjande skuleveg, og at færre dermed kan sykle eller gå til skulen, er i konflikt med intensjonane i planen for klimaomstilling i Sunnfjord kommune. Eitt av måla i denne planen er at innbyggjarane skal kunne gå eller sykle til jobb og aktivitetar innanfor ein radius på 4 km frå heimen. Det same gjeld i høve mobilitetsstrategien 2022–2025.

### 3.6.8 Fordelar

- Utnytting av ressursar og kapasiteten på skulebygg
- Lågare investeringskostnader enn flytting til Førde ungdomsskule
- Større fagmiljø ved å samle kompetanse for barnetrinnet

### 3.6.9 Ulemper og risiko

- Splitte eit etablert skulemiljø og fordele elevar mellom to skular vil opplevast som krevjande i overgangen.
- Tilsette sitt fellesskap og arbeidsmiljø blir splitta opp
- Farlegare skuleveg
- I ein periode mange elevar på Slåtten skule
- Vil påverke bu-miljø i området kring skulen



### 3.6.10 Vurdering av barnet sitt beste

Tiltaket vil ha både positive og negative konsekvensar for elevane. Ei ulempe er at barna blir spreidde på to ulike skular, noko som kan påverke relasjonar og venskap på kort sikt. Splittinga av skulekrinsen kan også svekke samholdet i lokalmiljøet. For mange elevar vil skulevegen bli lengre og potensielt farlegare, noko som kan skape utryggleik og gjere kvardagen meir krevjande. På kort sikt vil dette særleg vere utfordrande for dei barna som må bytte skule og bryte opp frå det kjende miljøet sitt.

Samtidig har tiltaket nokre fordelar. Økonomisk vil det gi betre ressursutnytting, noko som kan sikre eit stabilt og kvalitativt godt skuletilbod på lengre sikt. Når ressursane blir samla, kan skulane få betre kapasitet til å gi oppfølging til elevane og oppretthalde høg kvalitet i undervisninga. På lengre sikt vil dei negative konsekvensane kunne minke, då lokalsamfunnet tilpassar seg nye kringsgrenser.

## 3.7 Tiltak 6: Flytte Holsen skule og barnehage til Sunde skule

### Hovudpunkta om tiltaket

---

#### Sentrale moment:

- Flytte skulen til Sunde.
- Tiltaket er avhengig av at barnehagen også vert flytta/lagt ned.

---

#### Gjennomføring:

- Hausten 2026

---

#### Konsekvensar:

- For innbyggjarane i Haukedalen blir det særleg lang skuleveg
- Vil ha betydning for grenda

---

#### Innsparingspotensial:

- 3,2 millionar kroner

---

#### Investeringsbehov:

- Ingen

---

#### Vurdering:

- Betre utnytting av lærarressursar og styrking av fagmiljøet, noko som gjer det lettare å rekruttere faglærarar. Elevane får betre tilgang til spesialpedagogiske tenester, helsesjukepleiar og andre støttesystem. Sunde skule har gode fasilitetar og kapasitet til å ta imot fleire elevar.
- Elevane får lengre reiseveg, spesielt dei frå Haukedalen, der reisetida kan overstige anbefalte grenser.
- Nedlegging av Holsen skule vil ha stor betydning for innbyggjarane på Holsen og i Haukedalen.

### 3.7.1 Skildring

Holsen skule og Sunde skule får redusert elevtalet i tida framover. Holsen skule er ein fådelt skule og elevtalet vil bli redusert til under 30 elevar. Holsen skule sin krins er stor, med store avstandar frå innerst i Haukedalen. Sunde skule fram står som ny

og har gode fasilitetar for skuledrift. Sunde skule har god kapasitet til å auke elevtalet framover.

### 3.7.2 Gjennomføring

Holsen skule og barnehage blir lagt ned frå Hausten 2026 og elevane flytta til Sunde skule. I forkant av flyttinga må det utarbeidast ein stillingsplan for å ivareta tilsette og skulen sin behov for kompetanse. Elevane skal ivaretakast gjennom felles tiltak i forkant av samanslåinga.

### 3.7.3 Økonomiske konsekvensar

I heile 1000 kr

	Økonomisk effekt
Reduksjon i grunnressurs	1 600
Reduksjon i leiingsressurs (0,5)	600
Reduksjon i merkantil ressurs (0,8)	140
Estimerte stordriftsfordelar	100
Auke i skysskostnadar (1)	- 9
Reduksjon i byggdrift	974
Fråfall av tilskot	- 563
<b>SUM:</b>	<b>2 842</b>

### 3.7.4 Pedagogiske konsekvensar/Kvalitet

Utnytting av ressursane i skulen og betre utnytting av lærarane sin samla kompetanse.

Det vil etter kvart bli utfordrande å rekruttere og utnytte lærarane sin kompetanse i alle fag på mindre skular og fagmiljø blir styrka ved å slå saman skulane. Støttetenester som rettleiing frå PPT og helsesjukepleiarar vil få si tid betre utnytta inn mot elevane på større einingar, då dei minste skulane har så få timar tilgjengeleg.

### 3.7.5 Konsekvensar for elevar og foreldre

Elevane vil få lengre reiseveg og for elevane som bur i Haukedalen vil reisa bli lang. Elevane reiser i dag til ungdomsskulen, men det vil vere over anbefalt reisetid for elevane på 1.-7. trinn. Reisetid og logistikk vil påverke foreldra og i samhandling med skulen på kveldstid for dei med lange veg.

### 3.7.6 Konsekvensar for tilsette

Tilsette blir overført til andre skular. Funksjonar kan bli avslutta og for nokre vil reisevegen bli endra. Det kan bli overtal samla sett ved overføring av tilsette.

### 3.7.7 Skyss/skuleveg

Elevane får lengre reiseveg, særleg dei som bur i Haukedalen. Vegen frå Haukedalen til Moskog er smal og om vinteren er vegen over Rørvikfjellet utfordrande. Mange har foreldre som arbeider i Førde sentrum og det kan vere ein fordel etter SFO. Det kan vurderast at dei som bur i Haukedalen kan ha fritt skuleval

mellom Viksdalen skule og Sunde skule for å minimere konsekvensen av reisetid for enkelte. Dette vil kunne føre til at det vert to ulike ruter frå Haukedalen, ein kostnad som kommunen må ta.

### 3.7.8 Fordelar

- Utnytting av ressursar og kompetanse
- Rekruttering kan styrkast
- Eit sterkare fagmiljø
- Betre utnytting av støttetenester
- Utnytting av Sunde skule sin kapasitet

### 3.7.9 Ulemper og risiko

- Lengre reiseveg for elevane, og spesielt lang reiseveg for elevane i Haukedalen.
- Påverkar lokalsamfunnet på Holsen

### 3.7.10 Vurdering av barnet sitt beste

Reisevegen og auka skysslengde kan påverke barna negativt. Meir tid til reise kan vere negativt for familiare og fritidsaktivitetar. Ei flytting vil styrke det faglege tilbodet og rammer for oppfølging av elevane med betre tilgang til støttetenester. Samla sett vil betre utnytting av ressursane og kompetanse vere ein positiv effekt som er til beste for barna. Eit godt skuletilbod med tilstrekkeleg med ressursar og kompetanse er ein viktig faktor for at barn skal ha det bra.

## 3.8 Tiltak 7: Samle Vassenden skule i eitt bygg

### Hovudpunkta om tiltaket

---

#### Sentrale moment:

- Flytte ungdomssteget på Vassenden skule over til bygget der barneskule held til.
- 

#### Gjennomføring:

- Kan setjast i verk allereie hausten 2025
- 

#### Konsekvensar:

- Det vil maksimere kapasiteten på skulen, men ikkje utløyse investeringsbehov.
- 

#### Innsparingspotensial:

- Innsparinga er hovudsakleg knytt til byggdrift.
  - 5,3 millionar kroner
- 

#### Investeringsbehov:

- Ingen kritiske behov
- 

#### Vurdering:

- Å samle elevane i eitt bygg vil ikkje ha betydelege konsekvensar om ein vurderer det opp mot andre tiltak. Men innsparinga som er skissert er avhengig av at bygget vert seld eller omdisponert, noko som kan bli krevjande. Dersom elevane vert flytta utan at bygget vert frigitt vil det gi liten økonomisk effekt.

### 3.8.1 Skildring

Vassenden skule er delt i to bygg og elevtalet vil bli redusert framover. Det er difor eit mogleg tiltak å samle alle elevane på 1.-10. trinn på barneskulen. Det vil frigjere ungdomsskulebygget og redusere driftskostnadane.

Ved å flytte ungdomsskulen inn i bygget vil ein framleis ha bra kapasitet på klasserom og grupperom. Ved delingsfag på ungdomssteget vil ein òg ha behov for å nytte spesialrom som bibliotek og klubbrommet i hallen.

Det skal vere god plass til SFO, sjølv etter ei eventuell flytting. Då har vi lagt til grunn at gratis kjernetid blir tilbod til 1.-4. klasse, og at det potensielt er 91 elevar som har SFO-tilbod.

Det er 41 tilgjengelege kontor til lærarane. Dette er tilfredsstillande med tanke på tal lærarar, men assistentar/fagarbeidarar får ikkje tilgang på eigen kontorpult, men må ha ei delt løysing. Ein kan òg ha noko sambruk mellom lærarar då nokon jobbar deltid, og dermed ikkje er på jobb på same tid.

Bygget har to dedikerte møterom i dag, som er for lite. Skulen melder om at det er anledning til å lage om 1-2 andre rom til møterom for å møte behovet.

Uteområdet har krympa sidan sist det var 1.-10 klasse på bygget, då Jølstrahallen har komme til og tatt noko av arealet. Det er og for liten kapasitet på fotballbana, som i tillegg har behov for rehabilitering.

### 3.8.2 Gjennomføring

Flytting frå eit bygg til eit anna er ikkje meir inngripande enn at det er mogleg å realisere allereie hausten 2025. Det er viktig å poengtere at tiltaket ikkje gir økonomisk effekt før ein får seld ungdomsskulebygget, eller brukt det til andre tenester. Det vil derfor ikkje vere ein låg gevinst å flytte ungdomssteget før det er ein plan for det bygget ungdomssteget nyttar i dag.

### 3.8.3 Økonomiske konsekvensar

I heile 1000 kroner

	Økonomisk effekt
Reduksjon i leiingsressurs (0,5)	600
Reduksjon i merkantil ressurs	210
Estimerte stordriftsfordelar	100
Reduksjon i byggdrift	4 400
<b>SUM</b>	<b>5 310</b>

### 3.8.4 Pedagogiske konsekvensar/Kvalitet

Betre utnytting av ressursane på tvers av trinn vil gi ein effekt pedagogisk, sidan ein kan utnytte kompetansen i fag. Effektivisere arbeidet i leiinga sidan skulen er samla i eit bygg. Betre samhandling mellom trinna og felles profesjonsutvikling vil gi effekt i det pedagogiske arbeidet. Overføring av elevar mellom barnetrinn og ungdomstrinn vil bli meir saumlaus, men elevane mistar og eit «skilje» som dei har uttrykt at dei set pris på.

### 3.8.5 Konsekvensar for elevar og foreldre

Endra lokale for elvar. Mindre konsekvensar sett vekk i frå at det blir fleire elevar på eit mindre areal, og at det blir mindre uteområde å opphalde seg på.

### 3.8.6 Konsekvensar for tilsette

Endra lokale, betre samhandling mellom trinna.

### 3.8.7 Skyss/skuleveg

Blir ikkje påverka av tiltaket.

### 3.8.8 Fordelar

- Betre ressursutnytting
- Betre samhandling mellom lærarar og andre tilsette
- Lettare for leiinga å skape ein felles kultur og bygge kompetanse

### 3.8.9 Ulemper og risiko

- Mindre plass
- Ikkje rom for stor elevtalsauke

### 3.8.10 Vurdering av barnet sitt beste

Det vil ikkje vere konsekvensar av stor betydning for barna med dette tiltaket. Ei samanslåing vil innebere at elevane samla sett går heile skulelaupet i same bygg. Tiltaket kan ha mindre ulemper og fordelar for den enkelte elev, men vi vurderer at det ikkje er ulemper som vil påverke elevens rettar etter opplæringslova.

## 3.9 Tiltak 8: Legge ned Sunde skule

### Hovudpunkta om tiltaket

---

**Sentrale moment:**

- Legge ned skulen og flytte elevane til Førde sentrum.
- 

**Gjennomføring:**

- Hausten 2026
- 

**Konsekvensar:**

- Stor auke i tal elevar som må nytte skuleskyss
  - Krev kringsgrensejusteringar i Førde sentrum.
- 

**Innsparingspotensial:**

- 5,9 millionar kroner
- 

**Investeringsbehov:**

- Avhengig av kor elevane blir plassert, og kva andre tiltak som blir sett i verk.
- 

**Vurdering:**

- Eit omfattande tiltak som genererer nye problemstillingar: Korleis skal kringsgrensene sjå ut i Førde sentrum? Er det mogleg å bruke bygget til andre tenester enn skule?
- Lengre skuleveg for alle elevane, med behov for skyss. Påverkar kvardagslogistikken for foreldre og kan skape utfordringar for elevar som i dag går eller sykklar til skulen. Nedlegging av ein moderne skule med gode fasilitetar.

### 3.9.1 Skildring

Sunde skule er bygd ut i fleire steg og står fram som ein moderne skule med nyleg oppgradert uteområde. Likevel har elevtalet gått ned og vil halde fram med å falle. Hausten 2026 er skulen venta å ha 144 elevar, noko som svarar til om lag halv kapasitet. For å utnytte skulebygga i kommunen betre er det aktuelt å slå saman Sunde skule med anten Førde barneskule, Halbrend/Flatene eller Slåtten skular.

Slåtten skule har 21 klasserom, men eitt av dei er mindre eigna. Med 25 elevar per klasserom gir dette ein kapasitet på om lag 500 elevar. Skulen har allereie utfordringar med plassmangel på spesialrom og arbeidsplassar for lærarar, og desse utfordringane vil auke dersom elevtalet veks ytterlegare. Hausten 2026 vil Slåtten ha 501 elevar om Sunde-elevar blir overført dit, sjølv utan elevane frå Grovene/Rusta som kan flyttast til Førde barneskule. Skal Slåtten ta imot Sunde-elevar, må det derfor påreknast investeringar i spesialrom og kontorplassar slik som i tiltak 5.

Dersom Sunde skule i staden blir flytta til Førde barneskule, vil elevtalet der vere 338 hausten 2026. Norconsult sin rapport har vurdert at Førde ungdomsskule sitt bygg kan brukast som ny barneskule med kapasitet for 270 elevar, men rapporten seier ikkje noko om maksimalt forsvarleg elevtal. Nye vurderingar må derfor gjerast før ei eventuell flytting. Ein alternativ kringsjustering, der elevar sør for Jølstra blir flytta til Halbrend, kan redusere elevtalet på Førde barneskule til 313, men dette er framleis over Norconsult si vurdering.

Flatene skule har 14 klasserom og kan romme om lag 330 elevar som ein 1.-4.-skule. Bygget er spesialtilpassa for desse årsstega, og med dagens trinnfordeling (1.-5.) vil det ikkje vere kapasitet til å ta imot Sunde-elevar. Hausten 2026 vil 5. klasse på Flatene telje 62 elevar, medan kullet hausten 2027 vil vere 79.

Halbrend skule har 19 klasserom, noko som gir kapasitet til 475 elevar ved 25 elevar per rom. Det er god kapasitet til å huse 6.-10. steg, men om 5. steg blir flytta frå Flatene til Halbrend, vil elevtalet overstige 475. Tiltaket med å flytte Sunde skule til Flatene/Halbrend bør derfor sjåast i samanheng med ei eventuell flytting av ungdomssteget på Halbrend. Om Halbrend blir ein 5.-7.-skule og Flatene ein 1.-4.-skule, vil det vere god kapasitet til elevane frå Sunde, samtidig som Halbrend får ein viss overkapasitet.

Desse tiltaka må sjåast i samanheng med andre grep i skulestrukturen, inkludert samanslåing av Førde barneskule, Halbrend skule og Slåtten skule, samt nedlegging av Holsen skule og barnehage. Dersom både Sunde og Holsen skule blir lagt ned, vil elevar frå Haukedalen og Holsen få ein lengre skuleveg til sentrum.

### 3.9.2 Gjennomføring

Ved ei nedlegging av Førde barneskule, vil ikkje Sunde skule kunne slåast saman med andre skular i Førde sentrum. Blir Førde barneskule flytta til Førde ungdomsskule bygget, kan gjennomføringa skje hausten 2026. Det må lagast ein plan for samanslåing av elevane og fordeling av klassane. Elevane må førebust til overgangen i god tid før overføring skal gjennomførast. For tilsette må det utarbeidast ein stillingsplan som fangar opp behovet for kompetanse og stillingar.

### 3.9.3 Økonomiske konsekvensar

I heile 1000 kr:

	Økonomisk effekt
Reduksjon i grunnressurs	1 600
Reduksjon i leiingsressurs (0,8)	960
Reduksjon i merkantil ressurs (0,8)	560
Estimerte stordriftsfordelar	750
Reduksjon i byggdrift	3 744
Auke skuleskyss (120)	- 1 080
Fråfall av tilskot	- 563
<b>SUM</b>	<b>5 971</b>

Reduksjon i byggdrift er avhengig av at vi enten får seld bygget, eller brukt det til andre tenester. Bygningsmassen er eit resultat av fleire utbyggingar, og det kan gjere det vanskelegare å finne andre bruksområde for bygget.

### 3.9.4 Pedagogiske konsekvensar/Kvalitet

Sunde skule har moderne fasilitetar og er bygd for å støtte framtidens undervisningsmetodar. Skulen har romslege klasserom med fleksible skiljeveggar, som gjer det enkelt å tilpasse undervisninga, samt gode møteplassar for elevane.

Alternative løysingar vil ikkje kunne tilby same grad av fleksibilitet i klasseromsløysingar.

Ei samanslåing vil bidra til meir effektiv utnytting av ressursar og kompetanse, noko som kan styrke det pedagogiske arbeidet og gi eit betre læringsmiljø for elevane.

### 3.9.5 Konsekvensar for elevar og foreldre

Elevane blir flytta frå skulen i sin nærområde og får lengre skuleveg, noko som truleg vil gi rett til skyss for alle. Kostnaden for denne skyssen vert omlag 1 million kroner. I dag kan dei fleste elevane gå eller sykle til Sunde skule, medan ei flytting vil krevje at foreldre hentar barna på SFO i Førde sentrum, noko som vil føre til endringar i kvardagslogistikken for enkelte familiar.

Ei samanslåing kan òg medføre at klassar blir splitta mellom fleire parallellklassar, og elevane må etablere nye relasjonar. Sjølv om dette kan vere ei omstilling i starten, vurderer vi at elevane gradvis og relativt fort vil tilpasse seg den nye skulekvardagen.

### 3.9.6 Konsekvensar for tilsette

Tilsette må flyttast og det vil innebere at ein må setje saman eit nytt personale med rett kompetanse samla sett på den samanslåtte skulen. Det vil innebere overtal i leiinga og overtal av funksjonar. Det kan medføre overtal i tal tilsette.

### 3.9.7 Skyss/skuleveg

Elevane vil få skuleskyss på grunn av avstand. For dei som vil sykle, eller gå inneber det ein lengre skuleveg med kryssing av E39.

### 3.9.8 Fordelar

- Betre utnytting av skulebygg
- God ressursutnytting
- Eit sterkare kompetansmiljø
- Utnytting av støttetjenestene

### 3.9.9 Ulemper og risiko

- Nedlegging av ein skule med gode fasilitetar
- Lenge skuleveg
- Elevane må få skyss til skulen
- Påverkar fleire tiltak
- Vil påverke lokalsamfunnet på Sunde

### 3.9.10 Vurdering av barnet sitt beste

Lengre reiseveg og endra logistikk kan påverke barnet negativt. Ei flytting vil innebere splitting og samansetjing av nye klassar og for nokre kan det vere ei negativ oppleving og påverke barnet. Betre ressursutnytting kan gi ei betre oppfølging av barna som igjen kan ha ein positiv effekt på barns kvardag.



## 3.10 Tiltak 9: Legge ned Vassenden skule

### Hovudpunkta om tiltaket

---

#### Sentrale moment:

- Legge ned barne- og ungdomsskulen på Vassenden
  - Ikkje i tråd med vedtekne prinsipp om sentralisering av ungdomssteg og desentraliserte barnetrinn.
- 

#### Gjennomføring:

- Hausten 2026
- 

#### Konsekvensar:

- Store konsekvensar for lokalsamfunnet Vassenden
  - Tiltaket er ikkje i tråd med prinsippet om sentralisering av ungdomssteg og desentraliserte barneskular.
- 

#### Innsparingspotensial:

- 12,8 millionar kroner.
- 

#### Investeringsbehov:

- Ingen direkte behov knytt til dette tiltaket.
- 

#### Vurdering:

- Dette tiltaket vi ha stor betydning for lokalsamfunnet på Vassenden, og er i konflikt med vedteke prinsipp om desentraliserte barneskular. Tiltaket har høg økonomisk effekt, men vil føre til at om lag 100 elevar som ikkje har behov for skyss, vil bli avhengig av det.

### 3.10.1 Skildring

Ved å flytte elevane til Sunde skule for barnesteget og til den nye Førde ungdomsskule, kan Vassenden skule leggjast ned. Dette føreset at Sunde skule ikkje blir nedlagt og at det blir gjennomført samanslåing til ein ny ungdomsskule i sentrum.

Sunde skule har stor overkapasitet i dag. Det er plass til 350 elevar, medan elevtalet på skulen er 164. Det er med andre ord uproblematisk å auke elevtalet til 285.

I tiltaket som er på høyring har det vore skissert ei kringsgrensejustering som gjer til at elevar på Ålhus og Sandal/Myklebust vert innlemma i Skei sin skulekrins. Skei skule får med det ei auke på om lag 40 elevar. Det er estimert kapasitet på 200 elevar på skulen og vil få 179 elevar hausten 2026 med ny kringsgrense. Det har vore uttrykt motstand mot denne kringsgrensejusteringa i høyringsperioden, mellom anna i høyringssvar frå elevar som bur i området. Kringsgrensejusteringa er ikkje ein føresetnad for tiltaket.

Kapasiteten på ungdomsskulen i Førde er avhengig av kva andre tiltak som vert iverksett i Førde sentrum. Dersom ein går for alternativ A, vil det ikkje vere kapasitet på ungdomsskulen til å ta i mot elevane frå Vassenden.

### 3.10.2 Gjennomføring

Om føresetnadane er på plass kan tiltaket gjennomførast hausten 2026. Det føresett gode planar for elevar og tilsette. I forkant av flyttinga må det utarbeidast ein

stillingsplan for å ivareta tilsette og skulen sin behov for kompetanse. Elevane skal ivaretakast gjennom felles tiltak i forkant av samanslåinga for å trygge dei på overgangen.

### 3.10.3 Økonomiske konsekvensar

I heile 1000 kr

	Økonomisk effekt
Reduksjon i grunnressurs	3 200
Reduksjon i leiingsressurs (1)	1 200
Reduksjon i merkantil ressurs (0,8)	700
Estimerte stordriftsfordelar	750
Reduksjon i byggdrift	8 398
Auke i skuleskyss (98)	- 882
Fråfall av tilskot	- 563
<b>SUM</b>	<b>12 803</b>

### 3.10.4 Pedagogiske konsekvensar/Kvalitet

Sunde skule har gode fasilitetar og nye Førde ungdomsskule blir ein godt tilrettelagt skule etter ombygging. Samla sett vil lokale vere godt eigna pedagogisk. Ein samanslåing kan styrke fagmiljøa og det samla skuletilbodet til elevane. God utnytting av resursar til støtte tenester vil gi betre oppfølging av elevar.

### 3.10.5 Konsekvensar for elevar og foreldre

Elevane må få skyss til dei nye skulane og vil ikkje lenger ha moglegheit til å gå eller sykle, noko som er ei ulempe for dei. Elevane kan oppleve å bli fordelt mellom fleire parallellklassar. Dette vil likevel vere innanfor same skulemiljø, som betyr at dei framleis vil ha moglegheit til å halde kontakt med tidlegare klassekameratar, og splittinga vil truleg ikkje opplevast like inngripande. Foreldre vil òg få endringar i kvardagslogistikken, for eksempel ved henting på SFO.

### 3.10.6 Konsekvensar for tilsette

Tilsette må fordelast på fleire skular og det vil vere overtal av leiarar og funksjonar. Det må utarbeidast ein stillingsplan som bygger på lærarane og andre tilsette sin kompetanse slik at skulane kan oppfylle kompetanseforskrifta.

### 3.10.7 Skyss/skuleveg

Alle elevane frå Vassenden får skuleskyss og lengre skuleveg.

### 3.10.8 Fordelar

- Betre ressursutnytting
- Større fagmiljø
- Auka oppfølging av støttetjenester

### 3.10.9 Ulemper og risiko

- Store konsekvensar for Vassenden sitt lokalsamfunn

- Alle elevane må ha skyss til skulen
- Kan bryte opp relasjonar, spesielt dersom ein gjer kringsgrensejustering.

### 3.10.10 Vurdering av barnet sitt beste

Lengre reiseveg og endra logistikk kan påverke barnet negativt. Ei flytting vil innebære splitting og samansetjing av nye klassar og for nokre kan det vere ei negativ oppleving og påverke barnet på kort sikt. Betre ressursutnytting kan gi ei betre oppfølging av barna som igjen kan ha ein positiv effekt på barns kvardag.

## 3.11 Tiltak 10: Legge ned Viksdalen skule

### Hovudpunkta om tiltaket

#### Sentrale moment:

- Legge ned Viksdalen skule i sin heilskap

#### Gjennomføring:

- Hausten 2026

#### Konsekvensar:

- Lang reiseveg for elevane
- I konflikt med prinsippet om sentraliserte ungdomsskular og desentraliserte barneskular.
- Store konsekvensar for lokalsamfunnet på Viksdalen.

#### Innsparingspotensial:

- 5,6 millionar kroner

#### Investeringsbehov:

- Ingen investeringsbehov knytt til dette tiltaket.

#### Vurdering:

- Tiltaket vil ha stor konsekvens for lokalsamfunnet, og er i konflikt med prinsippet om desentraliserte barneskular.

### 3.11.1 Skildring

I høyringa låg det ute eit tiltak med to alternativ: Legge ned Holsen eller Viksdalen skular for å sikre ein skule i området sjølv om elevtalet går ned. Det samla elevtalet på barnetrinnet på dei to skulane går frå 57 hausten 2024 til 45 i 2030. På Viksdalen skule går det frå 20 elevar hausten 2024 til 18 elevar i 2030. Dette er basert på folkeregisteret, og det er nokre barn i dette talmaterialet som har dispensasjon til å gå på andre skular. Det reelle elevtalet vil derfor vere noko lågare.

### 3.11.2 Gjennomføring

Elevane blir flytta til Holsen skule hausten 2026 og ungdomstrinnet til Sande (eventuelt Førde) hausten 2026. Det må lagast ein plan for gjennomføringa som førebur elevane godt til ei slik flytting. For tilsette må det utarbeidast ein stillingsplan

### 3.11.3 Økonomiske konsekvensar

I heile 1000 kr

	Økonomisk effekt
Reduksjon i grunnressurs	3 200
Reduksjon i leiingsressurs	1 080
Reduksjon i merkantil ressurs	210
Estimerte stordriftsfordelar	150
Reduksjon i byggdrift	1 600
Auke i skuleskyss	- 32
Fråfall av tilskot	- 563
<b>SUM</b>	<b>5 645</b>

### 3.11.4 Pedagogiske konsekvensar/Kvalitet

På ein liten skule med få stillingsheimlar er det utfordrande å sikre at alle elevar får undervising av lærarar som stettar kompetansekrava i alle fag. Dette kan føre til at nokre fag blir underviste av lærarar utan formell fordjuping, noko som kan påverke undervisningskvaliteten. På ein større skule vil det vere fleire lærarar med spesialisert fagkompetanse, noko som gjer det lettare å sikre fagleg sterk undervising i alle emne. I tillegg kan ein større skule tilby meir varierte læringsmiljø, fleire samarbeidspartnarar og eit sterkare fagleg og sosialt fellesskap for både elevar og lærarar.

### 3.11.5 Konsekvensar for elevar og foreldre

Ei skulenedlegging i Viksdalen har stor påverknad både for elevar, foreldre og lokalsamfunnet. For familiar er skulen eit sentralt samlingspunkt som bidreg til trivsel og eit levande bumiljø. Om Viksdalen skule blir lagt ned, kan det gjere området mindre attraktivt for barnefamiliar, då mange føretrekk å busetje seg i nærleiken av eit grunnskuletilbod. Samstundes kan det for enkelte familiar opplevast motsett, då større skular med fleire elevar og eit breiare fagtilbod er noko ein ynskjer.

For elevane kan flytting til ein større skule gi eit større sosialt miljø og betre fagleg oppfølging, men det vil bli utfordrande med lengre reiseveg.

### 3.11.6 Konsekvensar for tilsette

Endra arbeidsplass og overtal av rektor. Flytting av lærarar til andre arbeidsplassar for å få ei god samansetjing av kompetanse.

### 3.11.7 Skyss/skuleveg

For mange ein svært lang skuleveg på smale vegar.

### 3.11.8 Fordelar

- Betre ressursutnytting
- Auka fagmiljø
- Kan styrke det faglege arbeidet og rekruttering
- Tilgang på støtte tenester

### 3.11.9 Ulemper og risiko

- Vil påverke lokalsamfunnet i Viksdalen

- Lang skuleveg på smale vegar
- Påverke foreldre sin kvardag

### 3.11.10 Vurdering av barnet sitt beste

Lang reiseveg og endra logistikk kan påverke barnet negativt. Ei flytting vil innebere splitting og samansetjing av nye klassar og for nokre kan det vere ei negativ oppleving og påverke barnet. Betre ressursutnytting kan gi ei betre oppfølging av barna som igjen kan ha ein positiv effekt på barns kvardag.

## 3.12 Tiltak 11: Flytte Vassenden sitt ungdomssteg til Førde

### Hovudpunkta om tiltaket

#### Sentrale moment:

- Flytte ungdomssteget til ny ungdomsskule på Hafstad.

#### Gjennomføring:

- Hausten 2026

#### Konsekvensar:

- Lengre reiseveg for elevar på ungdomssteget på Vassenden
- Det vil framleis vere to ungdomsskular i Førde sentrum, og Flatene må bestå.

#### Innsparingspotensial:

- 7,6 millionar kroner

#### Investeringsbehov:

- Investeringsbehov ved Hafstad VGS.

#### Vurdering:

- Tiltaket gir god økonomisk effekt på grunn av byggdrift. Denne effekten er dermed avhengig av at vi får seld bygget, eller omdisponert det.

### 3.12.1 Skildring

Tiltaket inneber ei flytting av ungdomstrinnet ved Vassenden til nye Førde ungdomsskule. Tiltaket inneber at det blir andre løysingar for nye Førde ungdomsskule og Halbrend skule.

Halbrend skule vil framleis ha ungdomstrinn og Vassenden blir flytta saman med Førde ungdomsskule på Hafstad. Flatene skule blir oppretthalde og ved ei samstundes nedlegging av Førde barneskule vil det gi ei god økonomisk effekt.

### 3.12.2 Gjennomføring

Tiltaket kan gjennomførast når Hafstad vidaregåande er ombygd estimert til hausten 2026. Det må lagast ein plan for overføring og førebuing av elevar. Ein stillingsplan og involvering av tillitsvalde og verneombod.

### 3.12.3 Økonomiske konsekvensar:

I heile 1000 kr

	Økonomisk effekt
Reduksjon i grunnressurs	1 600
Reduksjon i leiingsressurs	720
Reduksjon i merkantil ressurs	350
Estimerte stordriftsfordelar	750
Innsparing byggdrift	4 400
Auke skuleskyss (28)	- 252
<b>SUM</b>	<b>7 568</b>

### 3.12.4 Pedagogiske konsekvensar/Kvalitet

Betre ressursutnytting særleg i praktisk estetiske fag, valfag og tilvalsfag. Styrka støtte tenester som spesialpedagog, helsesjukepleiar og miljøarbeidar. Sterkare fagmiljø og utnytting av tilsette sin kompetanse.

### 3.12.5 Konsekvensar for elevar og foreldre

Dersom ungdomsskulen på Vassenden blir flytta til Førde, vil elevane frå Vassenden få ein lengre reiseveg og bli avhengige av skuleskyss for å kome seg til skulen. Flyttinga av ungdomsmiljøet til Førde sentrum kan føre til nye sosiale relasjonar og endringar i eksisterande vennskap og nettverk. For foreldra vil ei slik endring innebere lengre reisetid ved oppmøte på skulen i samband med foreldremøte, utviklingssamtalar og andre skulerelaterte aktivitetar.

### 3.12.6 Konsekvensar for tilsette

Endringar av arbeidsplass og overtal på funksjonar. Kan bli overtal på enkelte stillingar grunna ressursutnytting og kompetanse. Større fagmiljø innafor fagområda.

### 3.12.7 Skyss/skuleveg

Skulevegen vil auke med 20-25 min. kvar veg. Elevane kan ikkje gå, eller sykle til skulen. Auke på 28 elevar som tidlegare ikkje har hatt behov for skuleskyss.

### 3.12.8 Fordelar

- Betre ressursutnytting
- Større fagmiljø
- Utnytting av kompetanse
- Betre tilgang på støtte tenester

### 3.12.9 Ulemper og risiko

- Lengre reiseveg for elevane
- Elevane må ha skyss til skulen
- Vil påverke lokalsamfunnet på Vassenden

### 3.12.10 Vurdering av barnet sitt beste

Ei flytting til Førde ungdomsskule vil påverke reiseveg og logistikk for elevane. Det vil vere ei negativ effekt som kan påverke deira fritid og kvardag. Eit større ungdomsmiljø med fleire relasjonar kan ha ein positiv effekt. Betre utnytting av ressursar og kompetanse kan ha ein positiv effekt på oppfølging av barna.

## 3.13 Tiltak 12: Samle ungdomsstega på Naustdal, Vassenden og Halbrend skular, og Førde ungdomsskule på Hafstad og FUSK (bygg)

### Hovudpunkta om tiltaket

---

#### Sentrale moment:

- Stort tiltak med mange involverte elevar og skular.
  - Flytte alle ungdomssteg utanom Sande, Viksdalen og Skei til Førde sentrum.
- 

#### Gjennomføring:

- Hausten 2026
- 

#### Konsekvensar:

- Vil påverke stort tal elevar, og vil generere mykje skuleskyss. 79 elevar som i dag ikkje nyttar skuleskyss blir avhengig av buss.
  - Skaper ledig areal på Naustdal skule, som ikkje enkelt kan omdisponerast.
- 

#### Innsparingspotensial:

- 14.4 millionar kroner
- 

#### Investeringsbehov:

- Hafstad VGS må byggast om.
- 

#### Vurdering:

- Omfattande tiltak med mange involverte elevar. Vil legge til rette for eit stort ungdomsskulmiljø i sentrum. To store ungdomsskular med Førdehuset i midten vil kunne gi nokre moglegheiter i forhold til lærarar som kan jobbe på tvers av skulane (smale fag), samarbeid om valfag og tilvalsfag, større fagmiljø for lærarane med moglegheit for felles utviklingstid.

### 3.13.1 Skildring

Ungdomstrinnet ved Naustdal, Vassenden og Halbrend skule kan samlast på Hafstad til ein ny felles ungdomsskule i Førde sentrum. Det føreset at Førde ungdomsskule blir i noverande lokale og at Førde barneskule blir slått saman med Halbrend og Slåtten skule.

### 3.13.2 Gjennomføring

Hafstad vidaregåande må byggast om og ei slik samanslåing kan skje frå hausten 2026. Ei slik samanslåing involverer mange ulike skular og ulike elevar, slik at det må lagast ein plan for oppfølging og overføring av elevane. Ein ny ungdomsskule må starte planlegginga tidleg og det må utarbeidast ein stillingsplan for tilsette. Tilsette på den nye ungdomsskulen må ha ei samansetjing som speglar behovet for kompetanse.

### 3.13.3 Økonomiske konsekvensar

I heile 1000 kroner

	Økonomisk effekt	Investeringsbehov
Reduksjon i grunnressurs	3 200	
Reduksjon i leiingsressurs	2 400	
Reduksjon i merkantil ressurs	1 120	
Estimerte stordriftsfordelar	4 000	
Ombygging til ungdomsskule (550 elevar)		32 225
Oppgradering av uteområde		3 500
Auke i skuleskyss (79)	- 711	
Reduksjon i byggdrift	4 400	
<b>SUM</b>	<b>14 409</b>	<b>35 725</b>

### 3.13.4 Pedagogiske konsekvensar/Kvalitet

Det vil bli eit sterkt fagmiljø for ungdomsskulane i sentrum. I aksen mellom Hafstad og Førde ungdomsskule vil det vere høg aktivitet og mange moglegheiter for utnytting av felles resursar. Førdehuset og kulturskulen kan nyttast til undervisning og samlingar. Kompetanse og resursar kan nyttast på tvers av skulane t.d. i praktisk estetiske fag, valfag og tilvalsfag. God utnytting av støttetjenester som spesialundervisning, helsesjukepleiar og miljøarbeidar.

### 3.13.5 Konsekvensar for elevar og foreldre

Konsekvensane vil vere ulik særleg når det gjeld skyss. Elevar frå Vevring og i deler av Naustdal vil få lang skuleveg som vil påverke deira situasjon. Alle elevane må ha skyss til skulen og vegen er rasutsett. Elevane frå Vassenden vil og få auka skuleveg og behov for skyss til skulen. For elevane frå Halbrend krins vil ikkje ein endra skuleveg påverke i stor grad.

Ein ny stor ungdomsskule vil skape moglegheiter for nye relasjonar og klassar. Det kan påverke elevar positivt, men for andre kan det vere belastande i ein slik overgang.

Foreldre vil måtte halde seg til ein ny skule og vil få reiseveg til samhandling med skulen.

### 3.13.6 Konsekvensar for tilsette

Tilsette må bryte opp frå sitt arbeidsmiljø og skape eit nytt. Ein ny skule må setjast saman med nye funksjonar og leing. Det vil påverke stillingar og det vil bli overtal av funksjonar og tilsette.

### 3.13.7 Skyss/skuleveg

Elevane får lengre skuleveg og nokre får lang skuleveg. Elevane frå Naustdal og Vassenden må ha skyss til skulen.



### 3.13.8 Fordelar

- God utnytting av ressursane
- Eit sterkt fagmiljø som kan utnytte kompetanse på tvers av skular
- Bruke fasilitetar i Førdehuset og kulturskulen
- Hafstadparken er lett tilgjengeleg
- God utnytting av støttetjenestene.

### 3.13.9 Ulemper og risiko

- Skyss og skuleveg
- Endringar i relasjonar og klassar kan påverke elevane
- Naustdal skule er oppdatert og har gode fasilitetar som ikkje vil bli nytta.  
Usikkert korleis desse kan nyttast av andre i kombinasjon med barnetrinnet

### 3.13.10 Vurdering av barnet sitt beste

Ei flytting til Førde ungdomsskule vil påverke reiseveg og logistikk for elevane. Det vil vere ei negativ effekt som kan påverke deira fritid og kvardag. Eit større ungdomsmiljø med fleire relasjonar kan ha ein positiv effekt. Betre utnytting av ressursar og kompetanse kan ha ein positiv effekt på oppfølging av barna.

## 3.14 Tiltak 13: Reduksjon i ressursfordelinga

### Hovudpunkta om tiltaket

---

#### Sentrale moment:

- Kutt i budsjetta, som betyr færre hender og hovud i skulen.
- 

#### Gjennomføring:

- I samband med budsjettarbeid
- 

#### Konsekvensar:

- Dette tiltaket har direkte konsekvensar for kvaliteten i skulen. Det er timar til deling/styrking og spesialundervisning som vil bli redusert. Sunnfjordskulen vil etter eit slikt kutt ikkje kunne tilby noko utover lovpålagte oppgåver.
- 

#### Innsparingspotensial:

- 6,5 millionar kroner
- 

#### Vurdering:

- Dette er eit tiltak som har store konsekvensar for kvaliteten i skulen.

For å nå innsparingskravet er det framlegg om å kutte 6,5 millionar kroner i ramma til skulane, i tillegg til reduksjon etter elevtal. Innsparinga blir innarbeidd i ressursmodellen, noko som vil gi størst utslag for dei største skulane. Konkret inneber dette ein reduksjon i timar til ordinær undervisning tilsvarande 6,5 millionar kroner. Økonomisk vil dette gi den naudsynte innsparinga, men det vil også ha pedagogiske konsekvensar i form av færre timar til deling av grupper, særleg i praktiske fag, samt redusert tid til tilpassa undervisning /styrking. Dette vil påverke kvaliteten i opplæringa.

For elevane inneber reduksjonen mindre tid til kvar elev og redusert oppfølging, medan foreldre ikkje vil merke direkte verknader. For dei tilsette vil innsparingane føre til større elevgrupper og mindre tid til individuell oppfølging. Fordelen med tiltaket er primært den økonomiske effekten, men ulempene og risikoen inkluderer auka behov for spesialundervisning, redusert moglegheit for tidleg innsats og tilpassa opplæring. Dette vil kunne ha negative konsekvensar for barnet sitt beste, då elevar vil få mindre tid med lærarane sine. Særleg dei som har behov for tilpassa opplæring kan risikere å få eit større behov for spesialundervisning som følgje av reduksjonen.

## 3.15 Tiltak 14: Oppheve klassesdelingstal ved innføring av ny ressursmodell

### Hovudpunkta om tiltaket

---

#### Sentrale moment:

- Ny ressursmodell som tek utgangspunkt i elevtal.
- 

#### Gjennomføring:

- I samband med budsjettarbeid
- 

#### Konsekvensar:

- Modellen vil justere budsjetta til skulane i tråd med elevtalsutviklinga. Modellen sikrar at skulane har nok ressursar til å gi lovpålagte tenester.
- 

#### Innsparingspotensial:

- 35 millionar kroner i 2029
- 

#### Vurdering:

- Dette tiltaket tar ned budsjetta til skulane i tråd med elevtalsnedgangen.

Ressursfordelingsmodellen er nærare omtalt i kapittel 6.1.

## 4 Kvalitet i opplæringa

### 4.1 Skulemiljø og skulestorleik

Det er mange faktorar som påverkar kvaliteten i skulen, men det er lite støtte i forskning for at størrelsen på skulen har stor betydning for kvaliteten<sup>5</sup>. Ein skal vere forsiktig med å trekke bastante konklusjonar ut frå føreliggjande forskning, men funna antydgar at:

- Tendens til at elevane føler seg mindre knytt til større skular.
- Vanskeleg å sjå samheng mellom størrelse på skulen og den sosiale kompetansen til elevane.
- Kostnad per elev blir redusert med større skular.

Ingen av tiltaka som er skissert i denne saka vil føre til skular som er unormalt store i norsk samheng. Det er ei nasjonal trend at skular vert større, og ein norsk grunnskule hadde i hausten 2024 i snitt 235 elevar<sup>6</sup>. Av totalt 2692 skular i Noreg har 886 skular eit elevtal på 300 eller fleire<sup>7</sup>.

### 4.2 Rekruttering

Ein av dei mest kritiske utfordringane i arbeidet med å sikre ei berekraftig skulestruktur i kommunen er rekrutteringa av kvalifiserte lærarar. Dette er ikkje berre eit lokalt problem, men ein nasjonal trend som rammar heile utdanningssektoren<sup>8</sup>. Tal frå Utdanningsdirektoratet (GSI) syner at mange kommunar slit med å oppfylle lovkrava til lærarkompetanse, og dette gjer seg særleg gjeldande på mindre skular der fagtilbodet er meir sårbart.

#### 4.2.1 Nasjonale trendar

På nasjonalt plan ser vi eit aukande gap mellom behovet for kvalifiserte lærarar og talet på nye kandidatar som kjem ut av lærarutdanningane<sup>9</sup>. Ifølgje ferske tal har søkinga til grunnskulelærarutdanningane, òg ved Høgskulen på Vestlandet (HVL), vore fallande dei siste åra, noko som speglar ein generell trend i heile landet. Dette gjev grunn til bekymring, spesielt med tanke på korleis vi skal dekke opp for naturlege avgangar som pensjon og unngå bruk av ukvalifiserte lærarar.

#### 4.2.2 Utfordringar for små skular

Små skular, som ofte har eit avgrensa elevtal og eit breitt fagtilbod, står overfor spesielt store rekrutteringsutfordringar<sup>10</sup>. For å oppfylle krava i opplæringslova skal

---

<sup>5</sup> <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/analyser/2024/fakta-om-grunnskolen-20242025/skolenedleggelse/>

<sup>6</sup> <https://www.udir.no/tall-og-forskning/publikasjoner/utdanningsspeilet/utdanningspeilet-2022/grunnskolen/antall-elever-og-skoler/>

<sup>7</sup> <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/analyser/2024/fakta-om-grunnskolen-20242025/fakta-om-grunnskolen/#stabil-elevtall-og-farre-skoler>

<sup>8</sup> <https://www.utdanningsnytt.no/laerermangel-ukvalifiserte/sjekk-utviklingen-i-din-kommune-her-er-det-flest-og-faerrest-ukvalifiserte-laerere/384828>

<sup>9</sup> <https://www.khrono.no/trekker-laererstudium-og-fem-andre-studietilbud/877219>

<sup>10</sup> <https://kommunikasjon.ntb.no/pressemelding/18375804?publisherId=9361272&lang=no>

undervisninga bli gitt av lærarar med relevant fagkompetanse, og rett tal studiepoeng. I praksis kan dette bety at ein liten skule treng lærarar med fleire fag, noko som er utfordrande å rekruttere når lærarutdanningane har blitt meir spissa. Resultatet kan bli at små skular ikkje klarer å gi eit fullverdig tilbod, at vi ikkje driv etter dei kompetansekrava som gjeld og at elevane sitt læringsmiljø vert svekka.

#### 4.2.3 Konsekvensar for kvalitet i opplæringa

Mangelen på kvalifiserte lærarar har direkte konsekvensar for kvaliteten på opplæringa<sup>11 12</sup>. Forsking viser at lærarens kompetanse har stor betydning for elevane si læring og utvikling. Når kommunen ikkje greier å rekruttere faglærarar, kan dette resultere i ulik undervisningskvalitet og auka bruk av mellombelse tilsetjingar utan formell kompetanse. Konsekvensen blir at elevar på skular med rekrutteringsutfordringar ikkje får ei likeverdig grunnskuleopplæring.

#### 4.2.4 Moglegheiter for løysingar

For å møte rekrutteringsutfordringane jobbar kommunen med å sjå på korleis vi kan gjere skulesektoren meir attraktiv for kvalifiserte lærarar. Dette kan innebere:

- Samarbeid med utdanningsinstitusjonar: Etablere tettare samarbeid med HVL og andre lærarutdanningar for å styrke praksisnær kompetanse og rekruttering lokalt.
- Rekrutteringstiltak: Utvikle ordningar som tiltrekkjer seg nye lærarar, som tilflyttingsstipend, gode arbeidsvilkår og fagleg utvikling.
- Strukturelle grep: Vurdere endringar i skulestrukturen for å samle ressursar og sikre betre utnytting av kvalifisert personell.
- Kommunen må også vere ein aktiv pådrivar for å synleggjere kor viktig skuleutvikling og god lærardekning er for å sikre kvaliteten i grunnopplæringa. Ved å ta grep no kan vi styrke grunnlaget for ei berekraftig og robust skule for framtida.

### 4.3 Lærartettleik

Lærartettleik, definert som talet på elevar per lærar, har vore eit sentralt tema i utdanningsdebatten i fleire tiår. Forsking og erfaring syner at forholdet mellom lærarar og elevar spelar ei avgjerande rolle for kvaliteten i undervisninga, elevane si læring og trivsel i skulen. Eit lågt elev-tal per lærar kan gjere det lettare å tilpasse undervisninga, gi meir individuell oppfølging og bygge sterke relasjonar mellom lærar og elev.

#### **Korleis lærartettleik påverkar kvaliteten i skulen**

Ein av dei viktigaste fordelane med låg lærartettleik er at lærarane kan gi meir individuell oppfølging til kvar enkelt elev. I klassar med færre elevar har læraren betre tid til å fange opp utfordringar og behov, og dermed tilpasse undervisninga til

---

<sup>11</sup> [https://www.utdanningsforbundet.no/nyheter/2022/mangelen-pa-kvalifiserte-larere-er-en-kjempeutfordring/?utm\\_](https://www.utdanningsforbundet.no/nyheter/2022/mangelen-pa-kvalifiserte-larere-er-en-kjempeutfordring/?utm_)

<sup>12</sup> [https://www.utdanningsnytt.no/fagartikkel/mangel-pa-kvalifiserte-laerarar-er-ein-situasjon-som-i-hog-grad-kan-paverka-kvaliteten-i-skolen-i-ara-framover/168981?utm\\_](https://www.utdanningsnytt.no/fagartikkel/mangel-pa-kvalifiserte-laerarar-er-ein-situasjon-som-i-hog-grad-kan-paverka-kvaliteten-i-skolen-i-ara-framover/168981?utm_)

elevane sine faglege styrkar og svakheiter. Dette er spesielt viktig for elevar som treng ekstra hjelp eller støtte i faga, men også for dei som kan ha behov for meir utfordringar.

Relasjonen mellom elev og lærar er avgjerande for elevane si motivasjon og trivsel. Ein god relasjon kan bidra til tryggleik i klasserommet, noko som gjer at elevane tør å stille spørsmål, prøve seg på nye utfordringar og vere aktive deltakarar i eiga læring. Med fleire elevar per lærar kan det bli utfordrande å bygge slike relasjonar, noko som kan føre til at enkelte elevar fell utanfor eller ikkje får den støtta dei treng.

Lærartettleik har også innverknad på klasseleiing og arbeidsro i klasserommet. I store klassar blir det lettare for elevar å miste konsentrasjonen, og læraren må bruke meir tid på orden og disiplin. I mindre klassar kan læraren enklare følgje med på elevane si deltaking og sikre at alle er engasjerte i undervisninga. Dette gir betre arbeidsro, som igjen skaper eit læringsmiljø der elevane kan få meir utbytte av undervisninga.

Forsking tyder på at lågare lærartettleik kan bidra til betre akademiske resultat, særleg for yngre elevar og for elevar med spesielle behov. Med meir tid per elev kan lærarane gi betre rettleiing, forklare fagstoff på fleire måtar og sikre at elevane forstår innhaldet før dei går vidare til nye tema. Dette reduserer risikoen for at elevar fell bak i faga, noko som igjen kan hindre framtidig fråfall i skulen.

Lærartettleiken i Sunnfjord kommune skuleåret 2024-2025:

	<b>1.- 4. trinn</b>	<b>5.-7. trinn</b>	<b>8.-10. trinn</b>
Gjennomsnitt nasjonalt	13,58	16,19	17,73
Gjennomsnitt Vestland fylke	13,11	15,78	17,53
<b>Gjennomsnitt Sunnfjord kommune</b>	<b>11,3</b>	<b>14,08</b>	<b>15,53</b>
Bygstad skule	7,11	10,57	
Flatene skule	14,06	18,46	
Førde barneskule	12,38	17,4	
Førde ungdomsskule			15,41
Halbrend skule		16,65	19,48
Holsen skule og barnehage Avd skule	7,44	7,11	
Naustdal skule	11,37	14,68	17,47
Sande skule	9,96	12,26	15,28
Skei skule	11,32	10,83	8,58
Slåtten skule	11,75	16,63	
Sunde skule	12,25	16,01	
Vassenden skule	10,83	10,76	12,53
Viksdalen skule	4,86	8,84	7,58

## Utfordringar og prioriteringar

Samtidig er det slik at redusert lærartettleik krev ressursar. Dersom vi må løyse krava om omstilling og innsparing ved å kutte i ramma er det redusert lærartettleik som blir konsekvensen av det<sup>13</sup>. Nokre studiar har vist at det ikkje berre er reduksjon i klassestorleiken som påverkar kvaliteten i skulen; kvaliteten på undervisninga og kompetansen til lærarane spelar ei minst like stor rolle. Det betyr at investering i vidareutdanning og pedagogisk utvikling må sjåast i samanheng med lærartettleiken.

## 5 Opplæringslova

Opplæringslova er revidert og trådte i kraft 01.08.2025. Opplæringslova er omfattande og regulerer mellom anna elevane sine rettar og skuleeigar sine pliktar. Lova legg føringar som påverkar ressursfordeling, lærarkompetanse, gruppestørrelse (tal elevar pr. tilsette lærar) og retten til å gå på næreskulen, for å nemne noko. Kommunen sin evne til å støtte alle lovkrav er eit sentralt moment når vi vurderer ulike ressurs- og strukturgrep. Skuleeigar skal sikre at skulane har tilstrekkeleg med ressursar og kompetanse til å oppfylle dei rettane elevane har etter lova.

Dei juridiske føringane i skulen blir stadig meir omfattande, og elevar har i dag fleire individuelle rettar enn tidlegare. Dette stiller høgare krav til skulane både når det gjeld kompetanse og kapasitet til å følgje opp den enkelte eleven sine rettar. Utan tilgang på rett personell og tilstrekkeleg kompetanse blir det utfordrande for skulane å etterleve desse krava i praksis. Dersom vi må redusere dei økonomiske rammene, vil det bli vanskelegare å tilby tenester som er i tråd med gjeldande lovverk.

Opplæringslova legg klare føringar for kva kvalitet ein skal forvente i norsk grunnskule, og dersom skulane strevar med å gi eit tilbod som oppfyller alle lovkrav, betyr det òg at kvaliteten i opplæringa blir ramma. Å sikre forsvarlege rammer er derfor avgjerande for å oppretthalde eit godt skuletilbod for alle elevar.

### 5.1 Nærskuleprinsippet

#### § 2-6 Kva grunnskule eleven skal gå på

*Elevane har rett til å gå på ein skole i nærmiljøet. Kommunen kan gi forskrift om skolekrinsar. Ved tildeling av skoleplass og fastsetjing av forskrift om skolekrinsar skal kommunen leggje særleg vekt på kva skole som ligg nærast heimen. Kommunen kan òg ta omsyn til topografi, trafikktilhøve, kapasiteten på skolane, og at barn i same nabolag skal få gå på same skole. Etter søknad kan eleven takast inn på ein anna skole enn det eleven har rett til å gå på.*

---

<sup>13</sup> <https://www.utdanningsnytt.no/kommune-laerernorm-ntb/opptelling-en-av-tre-kommuner-bryter-laerernormen/429941>

Sunnfjord kommune har ein forskrift om skolekrins. Forskrifta må reviderast og sendast ut på høyring om det blir gjort endringar i strukturen. Etter lova kan ein fråvike den næraste skulen geografisk, som nærskule om det er tilhøve etter lova som kan vektleggast.

## 5.2 Gruppestørrelse

Paragraf 14-2 Inndeling av elevar i klasse og grupper sett rammer for skulen og kommunen si organisering. I Sunnfjord kommune er delingstalet på 28 elevar for barnetrinnet og 30 elevar for ungdomstrinnet vidareført frå tidlegare lovverk. Det er ikkje krav i lovverket no for eit spesifikt delingstal, men klassar eller grupper skal ikkje vere større enn det som er trygt og pedagogisk forsvarleg. Størrelsen på klasser eller grupper må vurderast lokalt i høve fag, og samsetjing av elevar. I ressursmodellen blir ressursane fordelt etter elevtal og ikkje klassetal som tidlegare. For å kunne nytte ressursane fleksibelt og for å ha betre oversikt over ressursbehovet blir klassesdelingstalet oppheva. Rektor må gjere sine vurderingar etter ei forsvarleg vurdering og ha handlingsrom til å disponere dei tildelte ressursane til beste for elevane.

I forskrift til opplæringslov § 12-19 er det krav til forholdet mellom talet på lærarar og talet på elevar på kvar skule. Kravet er 15 elevar per lærar på 1.-4. trinn og 20 elevar per lærar på 5.-10. trinn. Forskrifta set grenser for kor mykje ein kan ta ned ressursnivået i skulen. I Sunnfjord kommune er det stor forskjell på små skular og større skular. Dei største skulane nærmar seg det maksimale talet.

## 5.3 Spesialundervisning og skulemiljø

Elevar med behov for individuell tilrettelagt undervisning etter kapitel 12 i Opplæringslova har rett til ressursar for at dei skal få tilfredsstillande utbytte av undervisninga. Individuell tilrettelagt undervisning omfattar lærartimar og timar til personleg assistanse for praktisk støtte. I tillegg har alle elevar rett på tilpassa opplæring. I ressursfordelingsmodellen blir elevar med livslange, erverva eller medfødde diagnosar og store ressursbehov, tildelt dei timane dei har behov for. Denne gruppa er aukande og det er eit aukande behov for ressursar og kompetanse for at dei skal få utbytte av undervisninga.

I tillegg kjem elevar med mindre utfordringar som har rett på individuelt tilrettelagt undervisning, eller personleg assistanse. Alle elevar har rett til tilpassa opplæring og målet er at dei fleste elevane får oppfølging innafor ordinære rammer. Det er og eit forsterka lovkrav at kommunen skal ha system for tidleg innsats og oppfølging av elevar som avvik frå progresjonen. For å oppfylle lovkrava er det behov for ressursar ut over ordinær undervisning. Sunnfjord kommune har gjennom eit målretta systematisk arbeid redusert timar nytta til spesialundervisning med ca. 10 årsverk frå 2020. Det er avgjerande at vi i framtida har eit ressursgrunnlag som sikrar at elevane får tilpassa opplæring og individuelt tilpassa opplæring. Ressursgrunnlaget må og sikre at den gode utviklinga med å førebygge individuelt tilpassa opplæring gjennom arbeidet med tilpassa opplæring held fram.

Opplæringslova kap. 12 skal sikre at elevane eit godt skulemiljø.



*§ 12-2 Retten til eit trygt og godt skolemiljø. Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjer helse, inkludering, trivsel og læring.*


Mobbetala er aukande og i Sunnfjord kommune sjølv om tala ikkje aukar like mykje som i landet. Elevar som blir utsett for mobbing, eller krenkingar har rett på ein aktivitetsplan og oppfølging til dei har eit trygt miljø. Ei slik oppfølging er krevjande og krev at skulen har ressursar til å følgje opp eleven og førebyggjande arbeid.

## 6 Økonomi


Skulesektoren i Noreg står overfor store økonomiske utfordringar, og Sunnfjord kommune er ikkje eit unntak. Ein kombinasjon av demografiske endringar, strammare kommunale budsjett og aukande driftskostnader gjer at ein må vurdere nye måtar å fordele og nytte ressursane på. Reduksjonen i elevtalet over tid fører til mindre statleg finansiering, medan kostnadene til løn, vedlikehald av skulebygg og spesialundervisning held fram med å auke. Dette skaper eit press på kommunane for å gjere skulestrukturen meir berekraftig.

For å møte desse utfordringane må kommunen ta i bruk både økonomiske verkemiddel og strukturelle grep. Justeringar i skulestrukturen, samlokalisering av skular og meir effektiv utnytting av skulebygg er tiltak som kan bidra til å redusere utgifter utan at det går ut over kvaliteten i undervisninga. Samstundes er det viktig å sikre at innsparingstiltak ikkje fører til auka belastning for elevar eller tilsette. Økonomisk planlegging i skulesektoren handlar derfor ikkje berre om kostnadskutt, men òg om å sikre at ressursane vert brukt på ein måte som styrkjer kvaliteten og tilbudet i skulen over tid.

Sunnfjord kommune brukar meir på grunnskule pr. elev en kostragruppa og landssnittet utan Oslo.



Rekneskapstala for 2024 syner følgande driftsutgifter på teneste 202 fordelt pr. elev, fordelt på kvar skule. Denne framstillinga syner at mindre skular har høgare kostnad pr. elev enn skular med større elevtal.



## 6.1 Ressursfordelingsmodell

Ein ressursfordelingsmodell fordeler økonomiske midlar ut til skulane på ein likeverdig måte. Fordelinga kan settast opp på ulike måtar med utgangspunkt i objektive kriteriar. Målet med ein ressursmodell er å sikre at alle får tilstrekkeleg med ressursar til å gi god og tilpassa undervisning, og samtidig synleggjere ressursbehovet i skulen inn mot budsjettprosessar, og fungerer dermed som ein budsjettmodell.

Sunnfjord kommune har fram til 2024 hatt ein klassebasert ressursfordelingsmodell. Denne modellen har fungert godt i ei tid med vekst i elevtalet, men gir ei skeiv og uhensiktsmessig fordeling i periodar med elevtalsnedgang. Skular med klassar som var rett over klassesdelingstalet fekk ressursar til ein ekstra klasse. Med negativ elevtalsutvikling såg vi at ressursane til skulen vart uendra sjølv om elevtalet gjekk ned, heilt fram til elevtalet kom under delingstalet. Av den grunn har det vore behov for å utvikle ein ny ressursfordelingsmodell som tar betre omsyn til synkende elevtal.

Modellen fordeler timar slik:

- Timar til ordinær undervisning: Fast ressurs per skule og timar per elev. Gruppestorleik på 2 blir rekna ut for kvar skule og samanlikna med krava i lova.
- Timar til anna enn undervisning: Timar per eldre lærar og timar per elev.

- Timar til spesialundervisning: Timar per elev og timar per spesialelev (46 elevar i skuleåret 2024–25 med store, medfødde lærevanskar). Om lag 60 % av timane blir tildelte per elev, noko som skal stimulere til tilpassa undervisning.
- Timar til språkstøtte: Timar per elev med vedtak.
- Timar til assistentar: Fordelt etter omtrent same nøkkel som spesialundervisninga.
- Lærartimar for barneskule og ungdomsskule blir omrekna til årsverk i tråd med tariffavtalen (leseplikta).
- Årsverk til leining: Fast ressurs per skule.
- Kommunale stillingar elles (merkantile): Fast ressurs per skule.
- Lønn blir rekna ut som eit gjennomsnitt per skule.
- Driftsmidlar blir tildelte per elev, med same sats for alle skular.

Den nye modellen er elevbasert i staden for klassebasert. Modellen vart tatt i bruk hausten 2024 og er utvikla i lag med Agenda Kaupang. Den oppfyller lovkrav (t.d. lærarnorm), har eit langsiktig perspektiv, og fungerer som eit verktøy for å styre tenesta. Samtidig skal den ivareta skulane sine individuelle behov (spesialundervisning, elevar med særskilde behov etc.). Det er vesentleg at denne modellen vil justere seg etter elevtalet, noko som gjer til at vi får redusert drifta etter kvart som elevtalet går ned, noko som løyser delar av omstilling og innsparingskravet.

Den nye ressursfordelingsmodellen er det første og kanskje mest vesentlege tiltaket vi har gjennomført. Tiltaket har høg økonomisk effekt og låg konsekvens for dei det gjeld, samanlikna med andre tiltak. I tillegg til reduksjonen i drifta som modellen gir på grunn av elevtalet, har vi også justert ned kostnader knytt til SFO og skuleskyss, som denne modellen ikkje tar opp i seg. Tabellen under viser den samla reduksjonen (innsparinga) i skulesektoren som følgje av færre elevar og ny ressursfordelingsmodell, altså den økonomiske effekten før vi gjer noko med strukturen.

	2025	2026	2027	2028	2029
Elevtal	2 853	2 767	2 680	2 630	2 574
Reduksjon (kr)	445	9 015	19 368	27 128	32 212
SFO	500	1 800	3 000	4 000	4 000
Skuleskyss	200	300	400	500	600
<b>Samla reduksjon</b>	<b>1 145</b>	<b>11 115</b>	<b>22 768</b>	<b>31 628</b>	<b>36 812</b>
Attstående krav	19 585	22 132	20 572	20 088	19 585

Tabellen viser altså den naturlege effekten ein oppnår som følgje av elevtalsnedgang. Men det løyser ikkje heile utfordringa. Det som står att av innsparing- og omstillingskravet må løysast med strukturelle grep eller andre tiltak.

### Økonomisk effekt av tiltaka

Når vi estimerer den økonomiske effekten av strukturtiltak nyttar vi ressursmodellen. Når vi til dømes legg ned ein skule vil modellen gjere utslag ved at ein «grunnressurs» fell bort. I tillegg går i inn i modellen og justerer ressursar til leining,

merkantile oppgåver. Modellen vil med andre ord ikkje vise dei store effektane når vi til dømes ser på kva vi sparar på å flytte ungdomssteget på ein 1.-10.-skule til ein annan. Vi får eit «lågt» utslag i effekt fordi ressursfordelingsmodellen er ein modell for drift av skulane, ikkje syner stordriftsfordelar som følge omstrukturering.

Som følgje av dette har vi gjort estimat på stordriftsfordelar som vil gjere seg gjeldande for dei ulike tiltaka. I relasjon til ressursfordelingsmodellen vil desse stordriftsfordelane bety at skular som er slått saman er meir «robuste» som følgje av ressursane som vert tildelt, og at skulande dermed kan redusere ramma til desse skulane tilsvarende denne stordriftsfordelen.

Med andre ord: Det samla ressursbehovet til skule A og B, er større enn behovet når ein slår saman skulane. Dette tar ikkje ressursmodellen høgde for og tildeler like mykje då elevtalet er likt.

## 6.2 Investeringar skulebygg

Endringar i skulestruktur kan utløyse nye investeringsbehov i dei skulebygga vi skal halde fram å bruke. Ein 1.-10. skule må kanskje tilpassast på ein anna måte visst den skal nyttast som ein 1.-7. skule. Fleire elevar i eit skulebygg kan utløyse behov for ein større gymsal, fleire kontorplassar for dei tilsette, eller fleire spesialrom og grupperom. Investeringsbehovet vil vere avhengig av kva tiltak ein skal gjennomføre.

### 6.2.1 Hafstad VGS

#### Aktuelt for tiltak

- Tiltak 1: Samle Førde ungdomskule og Halbrend skule sitt ungdomssteg på Hafstad VGS-bygget
- Tiltak 9: Legge ned Vassenden skule
- Tiltak 11: Flytte Vassenden sitt ungdomssteg til Førde
- Tiltak 12: Samle ungdomsstega på Naustdal, Vassenden, Halbrend, Viksdalen skular, og Førde ungdomsskule på Hafstad og FUSK (bygg).

#### Investeringsbehov

- Etablere spesialiserte læringsareal for mat og helse, musikk og kunst og handverk.
- Trinnorganiserte klasserom og grupperom
- Etablere løysing elevgarderobar.
- Utvide kapasitet lærararbeidsplassar

#### Grovkalkyle

<b>Investeringsbehov skulebygg</b>	<b>32,2 mill. kroner</b>
Investeringsbehov uteområde	3,5 mill. kroner
Prisjustert	0,2 mill. kroner
<b>Sum</b>	<b>37,7 mill. kroner</b>

Grovkalkylen for skulebygg er gjort på bakgrunn av Norconsult sin rapport Utgreiing Førde ungdomsskule U550, datert 11.02.2025.

Grovkalkylen for uteområde er gjort på bakgrunn av Norconsult sin rapport Utgreiing av skuleanlegg – Ny lokalisering Førde ungdomsskule (U480), datert 02.09.2022.

### **Vurdering av Hafstad vidaregåande skule:**

Sunnfjord kommune har bedt Norconsult om bistand til å greie ut om det kan vere kapasitet til 550 elevar på ungdomsskuletrinnet (seks-parallell) ved Hafstad vgs. Av utgreiinga som no ligg føre, går det fram at samla areal i skulebygget er tilstrekkeleg. Rapporten viser mogleg løysing for å etablere romfunksjonar som manglar i dag.

## **6.2.2 Slåtten skule**

### **Aktuell for tiltak**

- Tiltak 5: Legge ned Førde barneskule
- Tiltak 8: Legge ned Sunde skule

### **Investeringsbehov**

- Ombygging av eksisterande bibliotek til kontor
- Utvide Hus 4 med nytt bibliotek og utvida SFO, 1. etasje
- Utvide Hus 4 med større gymsal, 2. etasje

### **Grovkalkyle**

Investeringsbehov skulebygg	8,95 mill. kroner
Investeringsbehov uteområde	0,0 mill. kroner
<b>Sum</b>	<b>8,95 mill. kroner</b>

Grovkalkyle utført av Bygg og eigedomsforvaltning (BEF). I prisestimatet er det lagt til grunn gjennomsnittleg kvadratmeterpris frå Norsk prisbok for tilsvarande byggfunksjonar, korrigert for regionindeks og egne erfaringstal for tilsvarande prosjekt.

I prisestimering for ombygging av bibliotek til kontor er det lagt til grunn ein kvadratmeterpris på 23 000 kroner.

I prisestimering for nytt tilbygg til gymsal i 1 etasje er det lagt til grunn erfaringstal med kvadratmeterpris på 30 000 kroner.

I prisestimering for nytt tilbygg i underetasje er det lagt til grunn erfaringstal med kvadratmeterpris på 48 000 kroner.

### **Vurdering**

Slåtten skule har kapasitet til å auke opp elevtalet ut i frå klasserom, grupperom og

spesialrom, men har allereie i dag utfordringar med kapasitet på gymsal og kontorplass for dei tilsette.

Ved å byggje eit tilbygg til Hus 4, blir det mogleg å utvide gymsalen med 100m<sup>2</sup> i andre etasje. Underetasjen blir utvida tilsvarande og gjer at ein kan flytte biblioteket hit og samtidig auke kapasiteten i SFO-basen. Denne løysinga kan gi eit godt sambruksareal mellom SFO, bibliotek og skuledrift.

Det er ingen nye investeringsbehov for uteområdet ved skulen.

### 6.2.3 Halbrend skule (1.-7. klasse)

#### Aktuell for tiltak

- Tiltak 2: Legge ned Flatene skule, og flytte elevane til Halbrend (1.-7.)
- Tiltak 5: Legge ned Førde barneskule

#### Investeringsbehov

- Uteområde tilpassa 1.-4. trinn
- Tilpassing SFO
- Nytt HC-toalett?

#### Grovkalkyle

Investeringsbehov skulebygg	0 - 2,0 mill. kroner
Investeringsbehov uteområde	2,0 - 3,0 mill. kroner
<b>Sum</b>	<b>4,0 - 5,0 mill. kroner</b>

Grovkalkyle utført av Bygg og eigedomsforvaltning (BEF). For uteområde er erfaringar frå tilsvarande prosjekt lagt til grunn. Den viser at tilrettelegging av terreng og grunn, inkludert kjøp av utstyr og apparatur for leik for barneskule, kostar mellom 2-3 millionar avhengig av grunnforhold. Etter drøftingsmøte mellom BEF, rektor ved Halbrend og deler av prosjektgruppa, er kalkylen for skulebygg sett til 2 millionar på bakgrunn av innmeldte behov.

#### Vurdering

Bygg og eigedom si vurdering er at Halbrend skule i sin heilheit er godt egna som 1-7 skule utan at det fordrar store investeringsbehov i skulebygget. Skulen kan ha god fleksibilitet og fungere godt gjennom å ha tilgang til delingsrom for store klassar og kunne sette av areal til elevar som har behov for tilpassa undervisning og ein til ein undervisning.

Likevel er det lagt inn eit generelt investeringsbehov for utbetringar i forhold til etablering av SFO-base, med garderobefunksjonar og tilpassingar for lys, lyd og ulike romfunksjonar. SFO-base kan organiserast på fleire måtar i skulebygget.

Aktivitetsareal for SFO kan også etablerast i tidelegare klasserom i «Bygg 7» ved behov. Med å bruke tidelegare klasserom som aktivitetsområde for SFO kan eksisterande gymsal fortsett brukast som samlingsrom ved større arrangement.

Ein kan også vurdere om toalett og garderobefasilitetar bør kompletterast eller byggast om i eksisterande dusj og garderobe i «Bygg 9», tilsvarande eit nytt HC-toalett. Dette for å optimalisere arealet for SFO-bruk.

Uteområde for Halbrend skule er i dag tilpassa for elevar frå 5. -10. klasse. Ved å omorganisere Halbrend skule til å romme 1. – 4. klasse er det også behov for å legge til rette uteområde som er skjerna og kan nyttast til utvida pedagogisk arena. For å kunne stadfeste eksakt kostnad for tilrettelegging av uteområde, er det behov for å gjennomføre ei nærmare behovsavklaring med brukarar.

#### 6.2.4 Halbrend skule (1.-10. klasse)

##### Aktuelle for tiltak

- Tiltak 2: Legge ned Flatene skule, og flytte elevane til Halbrend (1.-10.)
- Tiltak 5: Legge ned Førde barneskule

##### Investeringsbehov

- Etablere nytt auditorium
- Etablere aktivitetsrom SFO
- Ombygging og etablering av garderobe og toalett
- Uteområde tilpassa 1.-4. trinn.

##### Grovkalkyle

Investeringsbehov skulebygg	5,5 mill. kroner
Investeringsbehov uteområde	2,0 - 3,0 mill. kroner
<b>Sum</b>	<b>7,5 – 8,5 mill. kroner</b>

Grovkalkyle utført av Bygg og eideomsforvaltning (BEF). I prisestimatet er det lagt til grunn gjennomsnittleg kvadratmeterpris frå Norsk prisbok for tilsvarande byggfunksjonar, korrigert for regionindeks og egne erfaringstal for tilsvarande prosjekt.

I prisestimatet er det lagt til grunn ein kvadratmeterpris på 23 000 kroner. For uteområde er erfaringar frå tilsvarande prosjekt lagt til grunn.

##### Vurdering

Bygg og eideom sin vurdering er at Halbrend skule kan nyttast som 1-10 skule, men kommer sannsynlegvis til å ha utfordring med kapasitet på grupperom og avgrensa fleksibilitet på grunn av manglande tilgang på delingsrom. Det kan også oppstå manglande areal for personalavdeling.

For å kunne drive ei 1-10 skule på Halbrend skule er det behov for etablere enda eit klasserom, slik at det er rom for 2 parallellar på kvart klassesetrinn og å legge til rette for SFO-drift på skolen. For å kunne ha gode SFO-areal er det behov for aktivitetsareal for SFO og utbetre toalett og garderobe fasilitetar i «Bygg 9».

Behov for klasserom kan løysast med å bygge om auditorium til klasserom og etablere nytt auditorium i «Bygg 8» eller «Bygg 9». Bakdelen med slik ombygging er at skolen mistar mogelegheit til å samle alle elevar i et felles sal innandørs.



Vurderinga av uteområde er lik som for Halbrend skule (1.-7. klasse).

### 6.2.5 Ny lokalisering av Førde barneskule

Flytting av Førde barneskule (Elstervegen 1) til noverande Førde ungdomsskule (Kyrkjevegen 30 A).

#### Aktuelle for tiltak

- Tiltak 5: Legge ned Førde barneskule

#### Investeringsbehov

- Etablering av garderobefasiliteter og toalett.
- Ny SFO-base.
- Optimalisere trinnareala, pedagogisk funksjonalitet.
- Heis til underetasje
- Uteområde

#### Grovkalkyle

Investeringsbehov skulebygg	39,0 mill. kroner
Investeringsbehov uteområde	2,5 mill. kroner
Prisjustert	2,3 mill. kroner
<b>Sum</b>	<b>41,5 mill. kroner</b>

Grovkalkylen for skulebygg og uteområde er gjort på bakgrunn av Norconsult sin rapport Utgreiing av skuleanlegg – Ny lokalisering Førde barneskule, datert 02.09.2022. Anslaget er prisjustert.

#### Vurdering

Det samla arealet i skulen er større enn det ein barneskule med 270 elevar har behov for. Ein har meir areal til spesialiserte klasserom, fellesfunksjonar, grupperom og personalfunksjonar enn det er behov for. Medan det er svært lite areal til garderobe- og toalettfunksjonar og ingen areal til SFO. Det må monterast heis for å stette krav til universal utforming med tilkomst til underetasjen der den nye SFO-base kan vere.

Tilgjengeleg uteområde er i dag ca. 9300 m<sup>2</sup>, men ved å gjere areal rundt det gamle prestegardshuset tilgjengeleg for skulen vil arealtilrådinga for nye skulebygg vere innfridd. Uteområdet må supplerast med nye leike- og aktivitetsapparat tilpassa ei yngre elevgruppe (1.-7.), med fallunderlag, nye benkar og bord, i tillegg til montering og tryggingstiltak.

Det er nytta om lag 41 mill. kroner på rehabilitering av bygg og inventar og utstyr etter brann på skulen hausten 2022. Ein har satt bygget i same stand, og med same funksjons- og kvalitetsnivå som skulen hadde før brannen. Rehabiliteringa som er gjennomført vil i liten grad redusere investeringsbehovet ved å gjere om frå ein ungdomsskule til ein barneskule.

## 7 Skuleveg

### 7.1 Lang reiseveg

Fleire føreslegne strukturendringar vil føre til at elevar får vesentleg lengre skuleveg, noko som kan ha store konsekvensar for elevane sin kvardag. For mange elevar vil ein lang reiseveg bety mindre tid til søvn og kvile, noko som kan påverke konsentrasjonsevne og læringsutbytte. Når mykje av dagen går med til transport, vil det òg gi mindre tid til lekser, fritidsaktivitetar og sosialt liv. Dette kan føre til at nokre elevar får redusert moglegheit til å delta i viktige sosiale arenaer. I tillegg kan ein lang reiseveg vere både fysisk og psykisk belastande, særleg for elevar som lett blir reisesjuka eller slit med å sitje stille over lengre tid. Spesielt yngre elevar er sårbare for denne ekstra belastninga, då dei har særlege behov for stabilitet og korte reiseavstandar.

Lengre skuleveg inneber òg auka eksponering for trafikkfarar, særleg dersom skuleskyssen går gjennom område med utfordrande infrastruktur eller rasutsette vegar. I tillegg til tryggleiken knytt til sjølve transporten, kan ventetid ved haldeplassar i mørke morgontimar eller i kaldt og dårleg vêr vere ein ekstra påkjenning. For mange elevar kan ein lang og strevsam skuleveg bidra til at kvardagen opplevast som meir krevjande, noko som igjen kan påverke trivsel og skulemotivasjon.

#### **Barnet sitt beste og lang reiseveg**

Barnets beste vere eit grunnleggjande omsyn i saker som vedgår dei, jf. Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon artikkel 3. Dette inneber at ein må vurdere korleis endringane i skulestrukturen påverkar det enkelte barnet, særleg med tanke på trivsel, læring og tryggleik. Samstundes må barnets beste vurderast opp mot andre omsyn som forsvarleg forvaltning, økonomi og transportorganisering for heile elevgruppa. Sivilombodet har i fleire saker understreka at forsvarlegheita av skuleskyssen må sjåast i lys av barnets beste, men at det i praksis vil vere ei avveging mellom individuelle behov og samfunnsøkonomiske realitetar. Det er derfor ikkje alltid mogleg å sikre at kvar einskild elev får ein reiseveg som er optimal, men det må likevel sikrast at skuleskyssen er rimeleg og forsvarleg.

Barn har rett til å bli høyrde i saker som vedkjem dei, og deira meiningar skal leggjast vekt på i samsvar med alder og modning. Dette er eit viktig prinsipp som bør reflekterast i prosessane kring endringar i skulestrukturen og organiseringa av skuleskyssen. Skuleskyssen skal ikkje berre vere juridisk forsvarleg, men òg ta omsyn til konsekvensane for elevane. Vedtak som fører til lengre reiseveg bør difor bli grundig vurderte, og det bør leggjast vekt på løysingar som minimerer dei negative konsekvensane for elevane, samstundes som ein sikrar at skyssen blir organisert på ein berekraftig måte.

#### **Vestland fylkeskommune si tilnærming**

Kommunen har rådført seg med fylkeskommunen for å greie ut detaljar kring reisetid for dei ulike strukturtiltaka, men fylket har gjort det klart at dei ikkje kan uttale seg konkret om dei ulike tiltaka og korleis skyssen kan bli organisert fram i tid. Dei viser

til at ein slik uttale vil kunne leggje premissar for saksbehandlinga på eit seinare tidspunkt der fleire faktorar, som elevgrunnlag, busetjing, infrastruktur og budsjettmessige rammer, framleis er usikre. Difor vil eventuelle løysingar for skuleskyssen først bli konkretisert når tiltak vert iverksett.

Fylkeskommunen har plikt til å organisere skuleskyssen basert på den skulestrukturen kommunen vedtek, og denne skyssen skal prioriterast over anna kollektivtransport i området. Dei har retningslinjer for maksimale reisetider, som seier at elevar opp til 4. trinn ikkje skal ha meir enn 45 minutt reiseveg, elevar opp til 7. trinn ikkje meir enn 60 minutt, og ungdomsskuleelevar ikkje meir enn 75 minutt. Likevel er det tilfelle der enkelte elevar i Vestland har lengre reisetid enn desse normene, dersom butilhøve og vegstandard gjer det vanskeleg å organisere ei meir effektiv transportløyning.

## 7.2 Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg

Sunnfjord kommune planlegg å endre skulestrukturen, noko som kan påverke skulevegen til fleire elevar. For enkelte kan dette medføre at skulevegen blir vurdert som særleg farleg eller vanskeleg. I slike tilfelle har kommunen ansvar for å tilby gratis skuleskyss, uavhengig av avstanden mellom heim og skule, jf. opplæringslova § 4-1 andre ledd.

### **Kriterium for vurdering av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg**

Ved vurdering av om ein skuleveg er særleg farleg eller vanskeleg, tek kommunen omsyn til både objektive og subjektive faktorar:

Objektive faktorar inkluderer trafikkmengd, fartsgrense, vegbreidde, tilgjengelegheit av gang- og sykkelveg, belysning, siktforhold og ulukkesstatistikk. Subjektive faktorar omfattar elevens alder, utviklingsnivå, trafikkerfaring og evne til å ferdast trygt i trafikken.

Desse vurderingane er nærare skildra i kommunens retningslinjer for vurdering av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

### **Kommunens ansvar for skuleskyss**

Når ein skuleveg blir klassifisert som særleg farleg eller vanskeleg, er det kommunens plikt å sørge for gratis skuleskyss for dei aktuelle elevane. Dette ansvaret omfattar:

- Kostnader ved bruk av ordinær kollektivtransport: Kommunen betaler ein fast elevtakst på 25 kroner per elev per tur.
- Kostnader ved behov for ekstra transporttilbod: Dersom det er nødvendig å setje opp eigne bussar utanfor det ordinære rutetilbodet, som for eksempel ekstra bussar, må kommunen dekke heile kostnaden for dette.

### **Fellesvedtak om skuleskyss**

I tilfelle der det er opplagt at ein skuleveg er særleg farleg eller vanskeleg, uavhengig av dei subjektive forholda ved den enkelte eleven, kan kommunen gjere eit *fellesvedtak* om at alle elevar som bur i eit gitt område, opp til og med eit visst

klassetrinn, skal ha rett på skuleskyss heile eller delar av året. Eit slikt vedtak sikrar at alle elevar i området automatisk får skyss utan behov for individuell vurdering.

For elevar som ikkje er omfatta av eit slikt fellesvedtak, er det framleis mogleg å søkje individuelt om skuleskyss. Søknader frå desse elevane blir handsama på vanleg måte, der både objektive og subjektive faktorar blir vurderte før det blir gjort eit enkeltvedtak.

### **Søknadsprosess for skuleskyss**

Føresette til elevar som meiner at skulevegen er særleg farleg eller vanskeleg, men som ikkje er omfatta av eit fellesvedtak, kan søkje om skuleskyss gjennom kommunens digitale søknadsskjema. Søknaden blir vurdert i tråd med dei etablerte retningslinjene, og det blir gjort individuelle vedtak basert på dei spesifikke forholda i kvart enkelt tilfelle.

### **Trafikkopplæring og førebyggjande tiltak**

For å styrkje elevane sin kompetanse i trafikken, legg både skulen og føresette vekt på trafikkopplæring. Skulen integrerer trafikkopplæring i undervisninga, med fokus på trygg ferdsel, forståing av trafikkreglar og risikovurdering i ulike trafikkmiljø og føresette har hovudansvaret for å lære barna trygg ferdsel i trafikken og bør oppmuntre til bruk av verneutstyr som hjelm og refleksvest.

Gjennom eit tett samarbeid mellom skule og heim kan ein redusere risikoen knytt til skulevegen og sikre at elevane har dei nødvendige ferdigheitene for å ferdast trygt.

### **Gjeldande satsingar i kommunen**

Temaplan for trafikktryggleik, vedtatt 25.05.2023, har visjon om ingen drepne eller hardt skadde trafikkantar i Sunnfjord kommune.

Satsingsområde i perioden er med anna:

- Det skal ikkje førekomme ulykker med personskade der fotgjengarar og syklistar er innblanda
- Barnehage og skulevegar skal vere trygge for gåande og syklande
- Det skal etablerast Hjartesone kring alle barneskulane i Sunnfjord kommune
- Sunnfjord kommune og Førde tettstad skal ivareta sin rolle som nasjonal sykkelby

Enkelte strukturtiltak vil dermed stå i konflikt med målsetningane i temaplanen.

Det er gjort ei vurdering av skulevegen i tiltak 5, gjennom Førde sentrum, som er lagt ved saka.

## 8 Plan for ungdomsskule på Hafstad

### 8.1.1 Eiga politisk sak

Formannskapet gjorde den 15. november vedtak i sak 212/24, der dei bad administrasjonen om følgende:


*Formannskapet ber om ei eiga sak knytt til omfang og kostnader på ombygging av Hafstad Vidaregåande skule til ungdomsskule. Saka skal innehalde oppsett over tilrådde bygningsmessige tiltak og tilrådd plan for opparbeiding av uteområde. Tiltaka skal ha vere kostnadsberekna. Det skal også leggast fram ein tidsett framdriftsplan.*

Kommunedirektøren vil legge fram ei endeleg sak som svarar ut denne bestillinga snarast etter avklaring på kva elevmasse bygget skal riggast for. Det ligg no til grunn to rapportar frå Norconsult som viser til ulike alternativ for ulike elevmassar og pedagogiske/praktiske val. For å kunne legge ein god plan for utvikling av bygget er det avgjerande å få definert kor mange elevar bygget skal huse, samt få med brukarrepresentantar for å sikre at løysingane vi vel er heilskaplege og gir gode føresetnader for pedagogisk praksis.

### 8.1.2 Omfang

Det er ikkje avklart kva elevmasse vi vil vente oss på tidlegare Hafstad vidaregåande skule før kommunestyret har fatta eit vedtak. Kommunedirektøren tilrår å flytte ungdomssteget på Førde ungdomsskule og ungdomssteget på Halbrend samtidig inn i bygget, hausten 2026.

Ved å gjere dette vil ein hausten 2026 få det høgaste elevtalet på 537 elevar. Elevtalet vil deretter utvikle seg slik:



Om det vert gjort vedtak om denne samanslåinga frå hausten 2026, vil det vere den siste rapporten frå Norconsult som blir utgangspunktet for kva vi må gjere med bygningsmassen, og investeringsbehovet som følger av det. Om det blir gjort eit

anna vedtak som gjer til at det totale elevtalet ikkje overstig 480 elevar, vil tiltaka i begge rapportane frå Norconsult vere oppe til vurdering.

Utgreiinga av Førde ungdomsskule U550 (den siste rapporten) vurderer om skuleanlegget ved tidlegare Hafstad vidaregåande skule kan byggast om for å huse ein seks-parallell ungdomsskule med opptil 550 elevar. Det er gjort ei analyse av arealbruk, funksjonsfordeling og dei nødvendige bygningsmessige tiltaka for å tilpasse anlegget til denne bruken. Rapporten byggjer på ein tidlegare utgreiing frå 2022 der Norconsult vurderte kapasiteten til ein fem-parallell skule for 480 elevar. Denne reviderte utgreiinga tek omsyn til den auka elevmassen og skildrar alternative løysingar for romfordeling og organisering av skuleanlegget.

Skuleanlegget består av fire hovudfløyer med eit samla bruttoareal på om lag 6700 m<sup>2</sup>. Eksisterande areal er vurdert opp mot behovet for 550 elevar, med tilpassing av spesialrom for musikk, mat og helse, kunst og handverk. Det er òg vurdert om klasserom og grupperom kan tilpassast til seks parallelar, samt om det er tilstrekkeleg areal for administrasjon, tilsette og fellesfunksjonar som vestibyle og bibliotek.

Utgreiinga identifiserer ulike bygningsmessige tiltak som er nødvendige for at skuleanlegget skal kunne takast i bruk som ungdomsskule. Eksisterande rom må byggast om for å kunne dekke funksjonane som trengst i ein ungdomsskule, som spesialiserte læringsareal for musikk, kunst og handverk, samt mat og helse. Personal- og administrasjonsområde må tilpassast for å sikre gode arbeidsforhold for tilsette, med kontor, møterom, pauserom og lærararbeidsplassar. Ein del av desse areala er i dag større enn nødvendig, noko som kan gi moglegheit for omdisponering til andre føremål.

Den førre utgreiinga opererte med to alternative løysingar: eit minimumsalternativ med få bygningsmessige endringar og eit alternativ med meir omfattande grep for å sikre betre funksjonalitet. I den nye utgreiinga har ein måtte gå lenger enn det førre minimumsalternativet fordi elevkapasiteten er auka, noko som gjer at fleire funksjonelle tilpassingar er nødvendige. Dette inkluderer fleire klasserom, betre tilrettelegging for spesialrom og ein meir gjennomarbeidd plan for uteområdet.

### 8.1.3 Uteområde

Uteområdet ved skuleanlegget utgjer eit samla areal på 19 878 m<sup>2</sup>, der bygga har eit fotavtrykk på om lag 3 800 m<sup>2</sup>. Området inneheld opne flater, vegar, parkering og grøntareal. Det er viktig å sikre at uteområdet er tilpassa elevane sine behov for aktivitet, tryggleik og trivsel, i tråd med krav frå Helsedirektoratet.



Det er behov for å vurdere plassering og utforming av leik- og aktivitetsområde, samt etablering av fleire sosiale møteplassar. Eksisterande sykkelparkering må vurderast i lys av elevtalet, og ein bør sikre at det er tilstrekkeleg kapasitet for trygg parkering av sykklar og andre transportmiddel.


Eit viktig omsyn er tilgangen til naturlege grøntområde, som kan spele ei rolle både for fysisk aktivitet og som eit læringsmiljø. Skulen bør ha varierte uteområde som legg til rette for både leik, kvile og sosialt samspel. Det bør òg vurderast tiltak for å sikre gode gangveggar og trygg trafikkflyt rundt skulen, slik at både elevar og tilsette kan ferdast sikkert mellom skulebygget og nærliggjande område.

Det må også sikrast at området har universell utforming, for å sikre at det er tilgjengeleg for alle elevar. Dette kan innebære etablering av rampar, gode gangstiar og tilpassa sitjeplassar. Ei endeleg løysing for uteområdet bør utformast i dialog med brukarane, slik at ein tek omsyn til elevane sine behov og ønskje.

Arki arkitektar har på oppdrag utarbeidd skisser for korleis vi kan etablere eit uteområde tilpassa behova som her er nemnt:







### 8.1.4 Kostnad

Dei økonomiske konsekvensane av ombygginga er vurderte gjennom ei grovkalkyle som estimerer investeringskostnadane til om lag 32,2 millionar kroner. Dette er eit grovt anslag basert på tre ulike kostnadskategoriar, frå lettare oppussing til meir omfattande rehabilitering og ombygging. Kalkylen samanliknar også kostnadene med tidlegare vurderingar frå 2022, der alternative løysingar var estimerte til mellom 17 og 34 millionar kroner. Det høgare elevtalet i denne utgreiinga avgrensar moglegheitene for fleksibilitet i ombygginga, og tiltak som tidlegare vart vurderte som valfrie, er no meir nødvendige for å sikre tilstrekkeleg kapasitet.

Det er gjort ei grovkalkyle for å sjå kva investeringskostnadar uteområdet vil generere. Norconsult har i sin rapport frå 2022 vurdert kostnadar knytt til uteområde. Dei legg til grunn at vi innanfor ein total kostnad på 3,5 mill. kr. vil kunne oppnå ein tilfredsstillande standard på skulens uteområde.

Med utgangspunkt i skissene frå Arki er det gjort eit estimat på 10-12 millionar kroner. Då har ein sett på andre anlegg med liknande element, og kostnadsrekna ut i frå erfaringstal. Det må avklarast om det er naudsynt med så mange element som skissene legg opp til. Eller om vi kan lage eit uteområde som er godt nok, med færre element, for å få ned kostnadane. Til samanlikning kostar ein ballbinge om lag 1,5 millionar kroner og Folkeparken ved Førde vidaregåande skule hadde ein pris på om lag 2 millionar kroner. Det er vurdert at det er mogleg å etablere eit tilfredsstillande uteområde for ein vesentleg lågare sum enn 10-12 millionar kroner.

### 8.1.5 Medverknad

Ei god prosess for medverknad er avgjerande for å sikre at den nye ungdomsskulen vert utforma med omsyn til behova til elevar, lærarar, administrasjon og andre relevante aktørar. For å sikre ein god prosess er det viktig å leggje til rette for brei involvering av ulike interessentar gjennom heile planleggings- og ombyggingsprosessen.

Elevane er dei primære brukarane av skulen, og det er viktig at dei får høve til å påverke utforminga av både inne- og uteareal. Gjennom elevråd, spørjeundersøkingar og ulike «verkstadar» kan elevane kome med innspel om kva som fungerer godt i dagens skulebygg og kva som bør på plass i det nye. Dette kan inkludere behov for fleksible læringsareal, sosiale møteplassar og moglegheiter for fysisk aktivitet på uteområdet.

Lærarar og andre tilsette har òg ein sentral rolle i prosessen, då dei har innsikt i kva som fungerer godt i undervisningssituasjonar og kva som må til for å sikre eit best mogleg læringsmiljø. Gjennom arbeidsgrupper kan pedagogiske og praktiske omsyn integrerast i planlegginga, noko som kan bidra til ein meir funksjonell skulekvardag for både elevar og tilsette.

Foreldre bør òg få høve til å gi innspel, då dei har viktige perspektiv på læringsmiljø og skulestruktur. Informasjonsmøte og god informasjonsflyt sikrar at foreldre har innsyn i prosessen og moglegheit til å kome med synspunkt.

I tillegg er det viktig å samarbeide med byggtekniske fagmiljø, som arkitektar og prosjektleiarar for å sikre at skulebygget vert utforma i tråd med gjeldande krav og beste praksis for skulebygg. Universell utforming, tilrettelegging for elevar med spesielle behov og sikring av gode arbeidsforhold for tilsette er sentrale element.

Bygg- og eigendomsforvaltninga i Sunnfjord kommune har erfaringar frå tidlegare prosjekt i skulesektoren, og vil vere legge opp til ein prosess som sikrar god medverknad frå dei aktuelle partane.

### 8.1.6 Tentativ framdriftsplan

Prosessens med ombygginga av skulebygget på Hafstad kan gjennomførast anten som ein samspelsentreprise eller ein totalentreprise. Samspelsentreprisen inneber at ein set ein økonomisk ramme tidleg i prosessen, og at brukarane får medverke frå starten av for å definere kva som skal gjerast innanfor desse rammene. Dette sikrar at entreprenøren blir involvert tidleg og kan bidra med fagleg innsikt i medverknadsprosessen. Prosessen startar med ein konkurransefase, inkludert utlysing, tilbod og evaluering, før ein går vidare til prosjektering og brukarmedverknad. Deretter følgjer sjølv byggefasen, som vil ta om lag 9–12 månader.

Totalentreprisen, derimot, krev meir tid i starten for å sikre rett bestilling. Her må ein gjennomføre ein grundig brukargjennomgang i forkant. Deretter følgjer ein kortare prosjekteringsfase før bygginga tek til. Ein ulempe med totalentreprisen er at ein risikerer at brukarane kjem med ønskje som ikkje kan innfriast innanfor budsjettet, sidan medverknadsprosessen skjer før økonomiske rammes er fastlagde.

## 9 Medverknad

Medverknad har vore ein sentral del av prosessen med å vurdere framtidig skulestruktur i Sunnfjord kommune. For å sikre at innbyggjarane, elevane, føresette og dei tilsette har fått høve til å påverke avgjerdsprosessen, har kommunen gjennomført ei brei høyring og lagt vekt på open dialog.

### Høyringsprosess og folkemøte

Høyringsperioden gjekk føre seg frå 9. desember til 9. februar, der innbyggjarane hadde moglegheit til å kome med innspel. For å sikre god involvering vart det gjennomført fire folkemøte i ulike delar av kommunen: Førde sentrum, Naustdal, Viksdalen og Skei. Etter ei vurdering vart det også arrangert eit ekstra folkemøte på Vassenden, då denne skulen var involvert i fleire tiltak, inkludert både mogleg styrking og mogleg nedlegging.

På folkemøta fekk innbyggjarane presentert bakgrunn for saka, dei føreslegne tiltaka og moglege konsekvensar. Innbyggjarane kunne stille spørsmål, komme med appellar og diskutere ulike perspektiv. Oppmøtet var høgt, noko som viser kor viktig saka er for lokalsamfunnet.

### Innsamling av innspel

Kommunen har samla inn synspunkt gjennom fleire kanalar. Det kom inn **325** høyringssvar frå ulike aktørar, inkludert elevar, føresette, lærarar, organisasjonar og andre interessegrupper. Svara varierer frå korte ytringar til meir omfattande analyser med vurderingar av konsekvensar og konkrete forslag

Eit undervisningsopplegg om medverknad, kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen vart gjennomført i 86 klassar frå 3. til 10. trinn. Dette gav elevane ei moglegheit til å uttrykke sine meiningar om framtidig skulestruktur.

Den 20. januar vart det halde ei orientering for ungdomsrådet, der dei fekk informasjon om saka og høve til å stille spørsmål. Dette var viktig for å sikre at elevråda kunne engasjere seg og sende inn eigne høyringssvar.

### Arbeidet med innspela

For å sikre ei grundig vurdering av høyringssvara, vart alle innspela manuelt gjennomgått av arbeidsgruppa. Vidare vart informasjonen systematisert ved hjelp av kunstig intelligens, slik at ein kunne identifisere:

- Kva skular innspelet omhandla
- Kva tema innspelet tok opp
- Hovudbodskapen i innspelet
- Om det inneheld konkrete forslag eller vurderingar av konsekvensar

Dette gjorde det mogleg å sortere innspela etter tema og geografisk område, og dei vart systematisert i ei matrise som er vedlagt saka slik at det skal bli lettare for politikarane å orientere seg

Høyringssvara avdekte fleire sentrale tema som har vore viktige for vidare behandling av saka. Mellom anna:

- Reiseavstand og belastning for elevar
- Kvalitet på undervisning og læringsmiljø
- Psykisk helse og trivsel
- Ressursbruk og prioriteringar
- Samfunnsmessige konsekvensar

Kommunen har hatt fokus på å vere nøytral i arbeidet med høyringsinnspela og har teke inn over seg både støtteerklæringer og kritiske merknadar.

### **Elevmedverknad og undervisningsopplegget**

Eit viktig tiltak for å sikre elevmedverknad var undervisningsopplegget "Medverknad, kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen". Opplegget vart utvikla for å styrke demokratiforståing og kritisk tenking hos elevane, og det gav dei høve til å reflektere over korleis endringar i skulestrukturen kunne påverke kvardagen deira.

Elevane fekk gjennomføre klasseromsdiskusjonar og svare på ei digital spørjeundersøking. Resultata viste at tryggleik og tilgjengelege lærarar vurdert som dei viktigaste faktorane for ein god skule. Samstundes uttrykte mange elevar motstand mot nedlegging av skular, då dei frykta lengre skuleveg, mindre tid til fritidsaktivitetar og svekka klassemiljø.

Undervisningsopplegget fekk kritikk, spesielt knytt til kor balansert framstillinga av problemstillinga var. Nokre innspel peikte på at elevane sine svar kunne bli tolka som ei stadfesting av føreslegne tiltak, heller enn som frie og opne innspel.

### **Innbyggjarmedverknad og lokaldemokrati**

Høyringssvara viser eit sterkt engasjement for skulesaka i lokalsamfunnet. Mange innbyggjarar har uttrykt ønske om meir direkte påverknad og betre dialog med kommunen. Spesielt har det vore reaksjonar på at konsekvensane for lokalsamfunna ikkje har vore godt nok utgreidde før høyringsrunden.

Det er tydeleg at skulestruktur er meir enn ei pedagogisk og økonomisk sak – den påverkar lokalsamfunn, busetnad og samfunnsutvikling generelt. Mange innbyggjarar meiner at kommunen bør sjå skulepolitikken i samheng med strategiar for busetnad og næringsutvikling, og at store strukturendringar bør vurderast grundigare før vedtak blir fatta.

### **Vidare oppfølging av medverknadsprosessen**

Medverknadsarbeidet i skulesaka stoppar ikkje ved høyringsprosessen. Kommunen vil halde fram med å involvere elevar, føresette og tilsette i arbeidet med implementering av vedtekne tiltak. Det vil bli lagt vekt på:

- Open informasjon og kommunikasjon gjennom heile prosessen
- Tett dialog med skular, føresette og lokalsamfunn

Samla sett har medverknadsprosessen gitt verdifulle innspel som har vore viktige i vurderinga av skulestrukturen. Engasjementet frå innbyggjarane viser at skulesaka har stor betydning for mange.

Det er utarbeidd ein eigen rapport om innspela som har komme inn. Den ligg som vedlegg til saka.